Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteinnkalling

Utvalg:	**Verneområdestyret for SVR**
Møtested:	Hovdestøylen hotell, Hovden
Dato:	23.10.2024
Tidspunkt:	16:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Møte held fram torsdag 24.11 kl 08.00-10.00.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 28/24	Godkjenning av innkalling og saksliste		
ST 29/24	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
ST 30/24	Orienteringer		
ST 31/24	Referatsaker		
ST 32/24	Bruk av tiltaksmidler og styremidler for 2024.		2023/11700
ST 33/24	Søknad om utviding og opprusting av Røldal Suldal kraftverk i Holmavassåno biotopvernområde og SVR landskapsvernområde Suldal og Bykle kommunar - Lyse Kraft		2024/4964
ST 34/24	Uttale til Lyse Kraft sin konsesjonssøknad for opprusting og utviding av Røldal Suldal kraftverk		2024/4964
ST 35/24	Uttale til Lyse Kraft sitt revisjonsdokument for Røldal Suldal kraftverk		2024/4964
ST 36/24	Saksframlegg - behandling av søknad om rivning av vedskjul og oppsett av nytt - Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral kommune - 2/15 - byggetiltak - Edgar Sundbø		2023/7249
ST 37/24	Forberedende klagebehandling – klage på vedtak om retting og tvangsmulkt – Gnr/bnr 5/15 – Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde– Åseral kommune		2023/7249
ST 38/24	Førebuande klagehandsaming. Løyve til bruk av snøskuter og landing med helikopter i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Hans Hornnes Ackermann. Ljosland. Åseral kommune.		2024/7925
ST 39/24	Eventuelt		
RS 141/24	Innvilga søknad. Landing med helikopter. Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Nedre Vivatn. 2/16 Åseral. Kjell Terje Flottorp		2024/8113
RS 142/24	Innvilga søknad om landing med helikopter i samband med strukturtelling av villrein		2024/9394
RS 143/24	Innvilga søknad om motorferdsel i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Helikopter - Stegilsøygard. 5/9 Hans Christian Gaarder. Bygland kommune		2024/7830
RS 144/24	Innvilga søknad. Landing med helikopter i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Å Energi AS. Bygland og Åseral kommune		2024/7457
RS 145/24	Delvis innvilga søknad. Motorferdsel. Helikopter og snøskuter. Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde . 7/5 - 7/338. Hans Ackermann. Åseral kommune		2024/7925

RS 146/24	Svar på søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Hægebostad 102/5 - 106/3 - ATV - helikopter og snøskuter - Morten Hauge	2024/9258
RS 147/24	Søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Hægebostad 101/7 - helikopter - Roy Nøkland	2024/9259
RS 148/24	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. 22/1. Bykle fjellstyre. Bykle kommune	2024/8392
RS 149/24	Underretning til klager - Vidmyr naturreservat - ulovlig motorisert ferdsel - ATV	2024/9028
RS 150/24	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. 6/14 Tallak H. Bjørnarå. Bykle kommune	2024/6535
RS 151/24	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Tveite Djupetjønn. 11/1. Gunnar Tveiten. Bykle kommune.	2024/4175
RS 152/24	Melding om ulovlig motorisert ferdsel i Vidmyr naturreservat - Bykle kommune	2024/9028
RS 153/24	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Jonstøl i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 57/1, Suldal kommune - Stavanger turistforening	2024/9146
RS 154/24	Test - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiene landskapsvernområde - Fylkesvei 450 Brokke - Suleskard - snøskuter - Agder Fylkeskommune	2024/4055
RS 155/24	Innvilga søknad om helikoptertransport til Skitstøl i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bne, 56/1, Suldal kommune - Stavanger turistforening	2024/8996
RS 156/24	Søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Hægebostad 102/4 -106/4 - snøskuter - Roy Ove Eiesland	2024/8616
RS 157/24	Vedtak i klagesak - omgjort - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde - Valle 62/1 - Lognbru - Svinehaugen - Evardalen - oppattføring av støylsbuer - Svenn Magne Brokke	2023/439
RS 158/24	Søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle 42/8 - Breivevegen 19 - Kalsvatn - Enden 23 - snøskuter - Dag Hovden	2024/6545
RS 159/24	Søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle 9/2 - snøskuter - Geir Timenes	2024/4447

Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2023/11700 **Saksbehandlar:** Jørn Trygve Haug **Dato:** 17.10.2024

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	32/24	23.10.2024

Bruk av tiltaksmidler og styremidler for 2024.

Vedlegg:

1 Vedlegg styresak

Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret syner til saksutgreiinga og signal gjeven av miljøverndirektør i møte 11.10.2024.

For å dekke attståande utgifter for verneområdestyret post 21 ut 2024, kan inntil kr. 60 000 takast frå tiltaksmidlar post 31.

For å dekke attståande driftsutgifter for verneområdeforvaltarane i Sirdal og Valle/Åseral ut 2024, kan inntil kr. 26 000 takast frå tiltaksmidlar post 31.

For eventuell bruk av postane 21 og 31 til verneområdeforvaltarane sitt driftsbudsjett for 2025, føreset verneområdestyret at forvaltningssekretariatet kjem attende til dette i budsjetthandsaminga i arbeidsutvalet før jol.

For resterande ikkje nytta tiltaksmidlar post 31 kr. 19 000, vert dette inntil vidare ståande på post 31. Om naudsynt kan det nyttast som reserve til post 21 eller drift verneområdeforvaltarane etter nærmare avtale mellom styreleiar og forvaltningssekretariatet.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Verneområdestyret skal i denne saka ta stilling til korleis ein skal dekke inn eit underskot på styremidlar (post 21), og på forvaltarane tilhøyrande Agder sitt driftsbudsjett for 2024.

Saka er også meint å svare ut notat om forvaltarane sitt driftsbudsjett som verneområdestyret bad om i møte 3.9.2024, orienteringssak 22/24.

Først litt grunnleggjande om korleis finansieringa av verneområdeforvaltninga er bygd opp:

- *Midlar til drift av verneområdestyret post 21*. Skal gå til drift av styret sin aktivitet, i hovudsak møteverksemd. I tillegg kostnadene ved ulike driftsoppgåver som drift og vedlikehald av nettsider, informasjonstavler, natursti o.s.b. Tildeling skjer på bakgrunn av søknad til Miljødirektoratet. For 2024 var tildelinga på kr. 650 000. Av dette var kr. 100 000 meint å dekke nemnde driftsoppgåver.
- *Midlar til tiltak i verneområde post 31.* Dette er midlar til skjøtsel, informasjon, tilrettelegging mv. Tildeling skjer på bakgrunn av søknad til Miljødirektoratet. Dei siste tre åra har beløpet ligge mellom 800 000 kr. (2024) og 1 500 000.
- *Drift av verneområdeforvaltarane.* Forvaltarane får sine driftsmidlar frå statsforvaltaren der dei er tilsett. For 2024 var dette på kr. 47 000 totalt for dei to forvaltarane knytt til Statsforvalteren i Agder. Dette skal dekke utgifter til reise samt arbeidsklede og utstyr. Lønsmidlar er ikkje del av dette.

Status pr. 15.10 (detaljert oversyn er lagt ved)

For drift verneområdestyret post 21 er det så langt i år nytta kr. 623 581. Rest er på kr. 26 418 og vil ikkje vil være nok til å dekke utgiftene ut året. Verneområdestyret har dei siste åra har rimeleg god økonomi der det også har vore rom for å dekke innkjøp av noko feltutstyr (eks. lytteboksar), kontorleige forvaltar i Åseral, og verdiskapingsprosjektet som gjekk fram til 2022. Ser ein litt bak tala for 2024 har det vore ei særleg stor auke på utgifter knytt til møtegodtgjersle. Til ein viss grad skuldast det at fleire av styremøta har gått over to dagar og der opplæring av nye styremedlem også har hatt deltaking frå varamedlem. Vel så viktig er nok at det nye styret er flinkare til å sende inn sine krav.

For tiltak i verneområde post 31 er det så langt betalt ut kr. 210 000. Av rest på kr. 589 700 vil 485 000 kr. gå ut som planlagt. Ein vil da sitte att med kr. 104 700 som kan omdisponerast til tiltak som ein måtte prioritere vekk ved handsaming av tiltaksmidla i verneområdestyret sak 9/24.

For drift av verneområdeforvaltarane vart desse midlane brukt opp allereie i midten av september. Dette på tross av at første halvår 2024 har vore utan forvaltar i Sirdal.

Den økonomiske stoda vart stutt drøfta i eit møte mellom verneområdeforvaltarane, styreleiar og miljøverndirektør Ingunn Løvdal 11.10. Til møtet hadde miljøverndirektør fått følgjande signal frå Miljødirektoratet:

- Om verneområdestyret har att midlar på post 21, og ønskjer å prioritere dette, kan det i nokon grad nyttast til å dekke forvaltaranes driftsutgifter.
- Heilt unntaksvis kan post 31 midlar (tiltak i verneområde) nyttast til det same, men det må ikkje bli ein vanleg praksis. Utan at dette er formelt avklart med Miljødirektoratet kan det leggast til grunn at for 2024 kan post 31 midlar også nyttast til å dekke drift av verneområdestyret om det står att midlar der.

Forvaltarane sitt driftsbudsjett har vore mykje drøfta mellom statsforvaltaren og forvaltarane gjennom året. For forvaltarane er det dramatisk når driftsbudsjettet vert nær halvert frå eit år til eit anna. Det vil gå ut utover arbeidet dei er satt til å gjere og med konsekvensar som:

- Lokal forvaltning vil i all hovudsak måtte drivast fra kontoret. Mindre kontakt mot kommunar, større aktørar i heia mv. Nærleik til brukarane (som var noko av grunngjevinga for forvaltningsmodellen) forvitrar.
- Færre søkte tiltak kan synfarast - dårlegare lokalkunnskap og dårlegare vedtak.
- Mindre avdekking og oppfølging av ulovlege tiltak (som verneområdestyret er pålagt).
- Generelt mindre til stade i verneområda. Fra før av er SNO sin aktivitet sterkt redusert.
- Fagleg og sosial tilknyting til fagmiljøet hjå statsforvaltaren blir enda mindre.

Totalt sett blir forvaltarstillingane lite attraktive og noko ganske anna ein dei har vore til no.

Statsforvaltaren er naturleg nok oppteken av å halde seg til dei stramme budsjetta på avdelinga og peikar på at verneområdeforvaltarane alt er tilgodesett med monaleg større driftsbudsjett enn dei andre på avdelinga. Ei eventuell auke i verneområdeforvaltarane sitt driftsbudsjett må dekkast av styremidlar (post 21), og/eller ved at reiseutgifter vert bakt inn i dei enkelte tiltaka når styret søker tiltaksmidlar (post 31).

Forvaltar er ikkje samd i føresetnadane statsforvaltaren legg til grunn. For det første er verneområdeforvaltarane underlagt verneområdestyret som er eit anna forvaltningsorgan enn statsforvaltaren. Reduksjon i verneområdeforvaltarane sitt driftsbudsjett går såleis ut over arbeidet verneområdestyret er satt til å gjere. Eit anna vesentleg argument er at forvaltarstillingane er finansiert med øyremerka midlar får Miljødirektoratet/departement, omlag kr. 1,3 mill pr. år/stilling. Statsforvaltaren kan ikkje utan vidare nytte dette til annan aktivitet. Sjølv om ein monaleg del av dette skal dekke lønsmidlar og administrative tenester statsforvaltaren gjer for verneområdeforvaltarane, må det likevel vera rom for dekke eit rimeleg og nøkternt reisebudsjett for verneområdeforvaltarane.

Problemstillingane ovanfor er drøfta med Miljødirektoratet. Dei har dialog med KLD om saka og felles retningsliner er lova i løpet av året.

Vurdering

Som eit unntak for å løyse den akutte situasjonen for 2024 kva gjeld styremidlar post 21, og forvaltarane sitt driftsbudsjett, bør dette løysast med bruk av tiltaksmidlar post 31 slik det er skissert ovanfor. Kr. 60 00 og 26 000 settast av til dette.

For 2025 og vidare framover vil handlingsrommet og moglegheitene avhenge av kva retningsliner som kjem frå Miljødirektoratet. Forvaltar vil difor kome attende til dette i samband med søknad om styremidlar (post 21) og tiltaksmidlar (post 31) i siste møte i arbeidsutvalet før jol. Forvaltar vil alt no signalisere at verneområdestyret dei komande åra vil måtte forhalda seg til noko trongare rammer. Verneområdestyret kan sjølvsagt søke Miljødirektoratet om auka beløp til post 21, men forvaltar har lite tro på at dette førar fram.

Når det gjeld verneområdeforvaltarane sine reiseutgifter vil forvaltar hevde at desse jamt over er rimeleg og nøkternt. Det er store avstandar i verneområda og dette vil naturleg nok slå ut på reiseutgiftene. Driftsbudsjettet skal også dekke innkjøp av arbeidsklede og naudsynt feltutstyr. Fram til no har forvaltarane knapt brukt pengar på dette men nytta eiget utstyr og klede.

Vedlegg til styresak, økonomi

Status styremidlar post 21 pr. 15.10.24:

Disponibelt pr. 15.10	**26 418**
Gjenstående utgifter 2024	
Møterom og overnatting styremøte Hovden 23.	20 000
Møtegodtgjørelse styret	30 000
Reiseutgifter styret	15 000
Kontorleie forvalter Åseral	12 000
Møtegodtgjørelse AU i desember (teams)	7 000
SUM	**84 000**
Diff	**-57 582**

Nokre hovudtal frå rekneskap styremidlar post 21:

Regnskap styret 2022 - 2024

	2022	2023	2024 pr. 15.10	*Merknad*
Møtegodtgjørelse	214 431	139 739	345 115	*Konto 5300, 5330 og 5400 i regnskapet*
Møter eksterne	159 549	127 584	161 819	*Hotell og bespisning*
Bilgodtgjøring oppg.pl	30 401	18 099	38 997	

Status tiltak i verneområde post 31:

Løyvet	800 000
Betalt ut pr. 15.10	210 300
Gjenstår å utbetale ut	485 000
Rest til omdisponering	**104 700**

Driftsbudsjett reise for forvaltarane i Agder ut 2024:

Sirdal	*Utgifter kr.*	*Merknad*
Befaring Åseral (ulovlighetsoppfølging Solbu + kontroll byggetiltak mv). Egen bil	1 500	
Styremøte og Heiplansamling Hovden 23.10-25.10 (reise, deltakeravgift, mat og overnatting)	5 300	
Forvaltersamling SVR (årsplan, prioriteringer, samarbeid, arbeidsfordeling). Samling i Åseral	2 000	Reise, mat og overnatting. Grovt anslag
Bestillingsdialog SNO og SVR. Samling på Tonstad ila. desember. Møterom og middag	400	
Uforutsett	1500	
Valle		
Befaring Svartevassmagsinet 18.9, kontroll byggetiltak + plassering terskel/landbru. Reise egen bi	2 000	Gjennomført. Ikke sendt inn reiseregning
Sluttkontroll skjøtsel Hisdal 7.10 + henting av tellere ved Rosskreppfj.	2300	Belastes post 31. Gjennomført. Ikke sendt krav
Bykle kommunestyre + styremøte + heiplansamling 23.10 - 25.10 + henting av tellere. Reise	6500	
Forvaltersamling SVR (årsplan, prioriteringer, samarbeid, arbeidsfordeling). Samling i Åseral	1 000	Mat og overnatting. Grovt anslag
Befaring Ljosland ifbm. omlegging av vinterløype + ettersyn infotavler. Egen bil.	250	
Bestillingsdialog SNO og SVR. Samling på Tonstad ila. desember. Reise, møterom og middag	1400	
Uforutsett	1500	
SUM M1505 og M1510	**25 650**	

Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2024/4964 **Saksbehandlar:** Alf Odden **Dato:** 16.10.2024

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	33/24	23.10.2024

Søknad om utviding og opprusting av Røldal Suldal kraftverk i Holmavassåno biotopvernområde og SVR landskapsvernområde Suldal og Bykle kommunar - Lyse Kraft

Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret for SVR avslår søknaden frå Lyse Kraft om vidare kraftutbygging i Holmavassåno biotopvernområde og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Avslaget gjeld ytterlegare senking av lågaste regulerte vasstand (LRV) i Holmavatnet med 3 m for vassarealet i Holmavassåno biotopvernområde og 5 m for vassarealet i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Vedtaket er fatta etter §48 i naturmangfaldlova.

Avslaget er grunngjeve med at ei ytterlegare senking av LRV i Holmavatnet, med periodevis tørrlegging av nye areal, vil ha svært negativ innverknad på verneverdiane knytt til landskap, botndyr og fisk for delane av Holmavatnet som ligg i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde og verke negativt inn på dei naturgjevne produksjonstilhøva i Holmavassåno biotopvernområde. For fisken vil både tilgangen til gytebekkane og tilgangen på mat vil bli sterkt redusert, og føre til at ein sjølvrekrutterande aurebestand av god kvalitet truleg vil bli erstatta av ein bestand under middels kvalitet som er avhengig av utsettingar for å overleve. Avslaget er og grunngjeve med at ei senking av Holmavatnet, og tilhøyrande pumping av vatn frå Kvanndalsfoss, vil medføre svakare is og meir overvatn på Holmavatnet, og såleis være i strid med verneføremålet om sikring av viktige trekkvegar for villrein i Holmavassåno biotopvernområde.

Villreinstamma i Setesdal Ryfylke villreinområde er frå før svært hardt belasta med inngrep frå kraftutbygging. Det ligg og føre andre planar om pumpekraftverk som kan påverke verneområda og saka vil såleis ha store presedensverknadar. Senkinga av Holmavatnet og pumping av vatn frå Kvanndalsfoss blir vurdert til både ha negativ innverknad på verneverdiane og være i strid med verneføremålet for dei to verneområda. Det er derfor ikkje grunnlag for å gje dispensasjon naturmangfaldlovas §48, første ledd, første alternativ.

Det er og fleire sider ved konsekvensane for naturmangfaldet ein har for lite kunnskap om. Dette dreier seg om istilhøve på Holmavatnet generelt og særleg istilhøva ved tunellinntaket/utløpet i Nausdalsbukta i Holmavatnet, og kva for konsekvensar dette vil ha for

villrein og friluftsliv. Konsekvensane for ein hubrolokalitet er heller ikkje utgreidd. Dette gjer at «føre var prinsippet» må tilleggas vekt og talar for at søknaden må avslås.

Verneområdestyret meiner det heller ikkje grunnlag for å gje dispensasjon etter naturmangfaldslova sin §48, første ledd, tredje alternativ. Å gje dispensasjon på grunn av vesentlege samfunnsinteresser vil berre være mogleg dersom prosjektet er av nasjonal betydning og kraftbehovet ikkje kan løysast på anna vis eller produksjonen ikkje kan lokaliserast andre stader. Dei tre nye kraftstasjonane i austre grein vil ha ein installert effekt på 280 MV. Verneområdestyret legg til grunn at prosjekt av denne storleiken kan gjennomførast andre stadar i landet utan at verna areal og viktige villreininteresser blir råka. Det ligg og føre eit utbyggingsalternativet (Kvanndal 2B kraftverk) som i liten grad vil berøre verna areal.

Delane av søknaden som inngår i Tverrå-prosjektet vil ikkje bli handsama av verneområdestyret. Dette omfattar mellom anna overføring av Tverrå til Holmavatnet ved kote 1063 og ytterlegare senking av Holmavatnet med 2 m. Av kap. V i verneføreskrift for Kvanndalen landskapsvernområde og kap. V, punkt 3 i verneføreskrift for Holmavassåno biotopvernområde, går det fram at reglene i verneføreskriftene ikkje er til hinder for *«Gjennomføring av Tverrå-prosjektet i henhold til konsesjon».*

Vedtak for denne delen av søknaden skal såleis fattast av Energidepartementet og det er ikkje nødvendig med dispensasjon frå verneføreskriftene. Verneområdestyret vil i sin uttale til konsesjonssøknaden rå frå at det blir gitt dispensasjon til desse omfattande inngrepa i verna areal.

Søknaden frå Lyse Kraft inneheld og opplysningar om at vasstanden i Isvatnet skal haldast stabil på kote 1294 med «naturleg» avrenning til Tverrå. Dette tiltaket kan gjennomførast utan nye tekniske inngrep og er såleis ikkje søknadspliktig etter verneføreskrifta for Kvanndalen landskapsvernområde.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Verneområdestyret skal i denne saken ta stilling til om det skal opnast for vidare kraftutbygging i verna areal. Konkret gjeld saka Lyse Kraft sin søknad om opprusting- og utvidingstiltak i samband med dei eksisterande Røldal-Suldal reguleringane. Vedtaket må sjåast i samanheng med verneområdestyrets uttaler til konsesjonssøknad og revisjonsdokument som kjem som separate saker i dette styremøte.

Bakgrunn for søknaden

Viser til Lyse Kraft sin dispensasjonssøknad frå 26.04.2024, samt opplysningar gitt under presentasjonar og felles synfaring 03.09.2024. Det vises og til tilleggsopplysningar frå Lyse Kraft frå 31.09.2024 som er sendt til styremedlemmane. Viser og til revisjonsdokument og konsesjonssøknad med vedlegg som NVE la ut på høyring 26.04.2024. Desse dokumenta kan lesast på NVE sine nettsider:
https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=9236&type=V-1 Her ligg og innkomne uttaler til revisjonsdokument og konsesjonssøknad.

SVR sendte og dispensasjonssøknaden ut på ei avgrensa høyring 30.04.2024. Desse uttalene ligg på SVR si nettside: https://www.nasjonalparkstyre.no/svr/publikasjoner/uttaler-til-soknad-fra-lyse-kraft

Lyse Kraft søker om dispensasjon til opprusting- og utvidingstiltak i samband med dei eksisterande Røldal-Suldal reguleringane. Søknaden omfattar tiltak i Kvanndalen

landskapsvernområde, Holmavassåno biotopvernområde og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Utbyggingsplanane omfattar ei vestre grein som i hovudsak omfattar Ullensvang kommune, og ei austre grein som omfattar Suldal, Bykle og Vinje kommunar. Det er den austre greina som omfattar verna areal.

Den eksisterande Røldal-Suldal reguleringa er frå tidsrommet 1963-1978. Den har totalt ein årleg produksjon på 3300 GWh og ein installert effekt på 636 MW. Den nye reguleringa går i grove trekk ut på å bygge eit parallelt sett med vassvegar og kraftstasjonar som legg til rette for å pumpe vatn frå lågareliggande til høgareliggande magasin. Resultatet blir ei fordobling av effekten (frå 638 til1288 MW) og dermed auka moglegheit til å produsere når kraftbehovet er stort og kraftprisane er høge. Den samla nettoproduksjonen av straum går ned med 200 GWh. Sjølv om planane inneberer ein auke av produksjonen på 800 GWh vil ein måtte bruke 1000 GWh på pumping av vatn.

Dette er ei svært omfattande kraftutbygging med ei samla investering på 7-8 milliardar NOK. Det er forventa betydelege økonomiske ringverknadar lokalt, samt om lag 200 arbeidsplassar over ein anleggsperiode på 6 år. Etter utbygginga reknar ein med 10 nye faste arbeidsplassar Røldal og Suldal til saman. Skatteinngangen til vertskommunane er ikkje endeleg berekna, men ein går ut frå at kommunane vil komme positivt ut. Lyse Kraft legg i søknaden stor vekt på at auken i effekt har stor samfunnsmessig verdi. Moglegheita til å lagre vatn for å produsere når behovet er stort gi auka fleksibilitet i kraftsystemet ved at vasskrafta kan balansere den uregulerbare produksjonen av sol- og vindkraft.

I den austre greina av prosjektet leggast det opp til ein kraftstasjon med pumpekapasitet (Kvandalsfoss) og to nye ordinære kraftstasjonar (Nordmork og Suldal 2B). Desse tre har ein samla installert effekt på 280 MW.



Nye og eksisterande vassvegar og kraftstasjonar i austre grein. Grøn farge - eksisterande anlegg. Blå og oransje farge – nye anlegg.

Den sørlege halvdelen av Holmavatnet inngår i Holmavassåno biotopvernområde. Holmavatnet har eit samla areal på 10.77 km^2, og om lag 5 km^2 eller 45% inngår i biotopvernområde. Ein liten del i søraust inngår i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Denne har eit areal på om lag 0.1 km^2 og utgjer 0.009% av det samla vassarealet. Den nordaustre halvdelen av vatnet ligg i Vinje kommune i Telemark og er ikkje verna. Elles ligg heile Holmavassåno og om lag 20% av Sandvatnet i Holmavassåno biotopvernområde. Isvatnet og nesten heile Tverrå ligg i Kvanndalen landskapsvernområde.



Kart over verna areal. Landskapsvernområda Kvanndalen, Dyraheio og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane er markert med grøn fare, mens biotopvernområde Holmavassåno er markert med lilla farge.

Det blir søkt om desse tiltaka i verna areal:

Kvanndalen landskapsvernområde	Overføring av Tverrå til Holmavatnet ved kote 1063. Vil medføre bygging av bekkeinntak og tørrlegging av ein elvestrekning på 1.5 km
	Stabil vasstand i Isvatnet på kote 1294 i staden for dagens regulering mellom kote 1285 og 1295.
	Opphør av vintertapping av Isvatnet. Vil medføre jamnare vassføring i Tverrå og redusert erosjon i Litlevassbotn.
Holmavassåno biotopvernområde	Ytterlegare senking av LRV i Holmavatnet med 5 m. Vil medføre periodevis tørrlegging av nye areal og ha negativ innverknad på fisk og botndyr
	Pumping av vatn frå Kvanndalsfoss til Holmavatnet. Vil medføre meir usikre istilhøve på Holmavatnet som kan bli eit nytt vandringshinder for villreinen.
	Bygging av eit mindre lukehus i fjell.
	Opphøyr av vintertapping i Holmavassåno. Vil ta bort eit vandringshinder for villreinen.
SVR landskapsvernområde	Ytterlegare senking av LRV i Holmavatnet med 5 m. Omfatter eit lite areal på om lag 0.1 km^2.

Vil medføre periodevis tørrlegging av nye areal og ha negativ innverknad på fisk og botndyr.

I tillegg omtalar Lyse Kraft i søknaden at det kan bli aktuelt å tilbakeføre den 8 km lange anleggsvegen mellom Sandvatnet og Holmavatnet som eit naturrestaureringstiltak. Dette vart og gjentatt på felles synfaringa 03.09.2024. Av den aktuelle vegstrekningen går 4.5 km i Dyraheio landskapsvernområde og 3.5 km i Holmavassåno biotopvernområde. Etter verneområdeforvaltar si vurdering høyrer dette tiltaket heime under vilkårsrevisjonen, og vil bli tatt opp i styresaka om uttalen til revisjonsdokumentet.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Kvanndalen landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde av 26.09.1997.
- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.

Heimelsgrunnlag

Kvanndalen landskapsvernområde med biotopvern vart oppretta ved kongeleg resolusjon 26.09.1997.I kapittel III i verneføreskrifta for Kvanndalen landskapsvernområde heiter det at *"Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsområde og beitelandskap, eldre og nyare kulturminne etter støling, heibeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa".*

Tiltak i samband med kraftutbygging i Kvanndalen landskapsvernområde blir regulert av verneforskrifta kapittel IV, punkt 1.1, bokstav a. Her heiter det at det ikkje må gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverke på landskapet sin art eller karakter, kor *"bygningar, anlegg, faste installasjonar og vasstandsreguleringar"* er særskilt nemnt. Vidare heitar det i kapittel V at reglane i kapittel IV ikkje er til hinder for *«gjennomføring av Tverrå-prosjektet i henhold til konsesjonen».*

Holmavassåno biotopvernområde vart oppretta ved kongeleg resolusjon 26.09.1997. I kapittel III i verneføreskrifta for Holmavassåno biotopvernområde heiter det at *«Føremålet med biotopvernet er å sikre viktige trekkvegar for villreinen i fjellområdet mellom Kvanndalen landskapsvernområde og Dyraheio landskapsvernområde»*.

Tiltak i samband med kraftutbygging i Holmavassåno biotopvernområde blir regulert av verneforskrifta kapittel IV, punkt 1, kor det heiter at det ikkje må iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva, gjera villreinen sitt livsmiljø ringare eller hindre villreinen i å trekkje gjennom området, *"bygningar, anlegg, faste installasjonar og vasstandsreguleringar"* er særskilt nemnt. Vidare heitar det i kapittel V, punkt 3 at reglane i kapittel IV ikkje er til hinder for *«gjennomføring av Tverrå-prosjektet i henhold til konsesjonen».* Verneområdeforvaltar legg til grunn at formuleringa *«naturgjevne*

produksjonstilhøva», ikkje berre berre sikter til tiltak som påverkar villrein, men og omfattar tiltak som påverkar fisk og anna plante- og dyreliv.

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde ble vernet ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Formålet med vernet går frem av kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på et samanhengande, særpreget og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområder med et særpreget plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på et samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstammen i Europa. "

Tiltak i samband med kraftutbygging i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde blir regulert av verneforskrifta kapittel IV, punkt 1.1. Her heiter det at det ikkje må gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverke på landskapet sin art eller karakter, kor *" vasskraftregulering"* er særskilt nemnt.

I verneføreskriftene for Kvanndalen og Holmavassåno heiter det at vernereglane ikkje er til hinder for gjennomføring av Tverrå-prosjektet i henhold til konsesjon. Denne formuleringa viser til eit Samla Plan prosjekt frå 1984 som var tenkt å utnytte fallet mellom Holmavatnet og Sandvatnet. Prosjektet omfatta mellom anna; overføring av Tverrå til Holmavatnet, ytterlegare senking av LRV i Holmavatnet med 2 m, bygging av kraftstasjon nordvest i Sandvatnet, samt anleggsvegar langs vestbreidda av Sandvatnet og sørbreidda av Holmavatnet.

Verneområdeforvaltar legg til grunn at delane av Lyse Kraft sin søknad som omfattar overføring av Tverrå til Holmavatnet og senking av LRV i Holmavatnet med 2 m, ikkje skal handsamast av verneområdestyret etter verneføreskriftene, men vil inngå i Energidepartementet sin handsaming av konsesjonssøknaden. Verneområdeforvaltar legg vidare til grunn at søknaden om senking av dei siste 3 metrane i Holmavatnet må handsamast etter verneføreskrifta for Holmavassåno biotopvernområde, og at heile den nye senkinga på 5 m av LRV i Holmavatnet må handsamast etter verneføreskrifta for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Utover tiltaka som ligg inne i formuleringa om Tverrå-prosjektet, inneheld ingen av verneføreskriftene spesifikke dispensasjonsheimlar som opnar for gjennomføring av kraftutbyggingstiltak. Søknaden om deler av senkinga av LRV i Holmavatnet må derfor handsamast etter §48 i naturmangfaldlova.

I §48 i Naturmangfaldslova heiter det at "Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig".

Rundskrivet *Forvaltning av verneforskrifter* (Miljødirektoratet 2014) gir føringar for dispensasjonsbehandling etter § 48, første ledd, første alternativ. I følgje rundskrivet må følgande to vilkår begge være oppfylt for å kunne gi dispensasjon:

1. Tiltaket kan ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.
2. Tiltaket må ikkje vere i strid med formålet med vernet.

Miljødirektoratet understrekar at høvet til å gi dispensasjonar etter § 48 er snevert. *"Kravet om at tiltaket ikke skal påvirke verneverdiene nevneverdig innebærer at*

dispensasjonsadgangen er snever. Det kan bare dispenseres i de tilfeller tiltaket vil ha ubetydelig eller begrenset virkning for verneverdiene. Dette kan være ved midlertidige eller forbigående forstyrrelser, eller enkeltstående aktiviteter eller tiltak".

Søkar meiner at opprustings- og utvidingstiltaka det er søkt om er av vesentleg samfunnsinteresse og har stor nasjonal betydning. Det er derfor og relevant å vurdere søknaden etter §48, første ledd, tredje alternativ. I denne vurderinga vil verneområdeforvaltar støtte seg på tidlegare klageavgjerder i kraftutbyggingssaker i verneområda. Miljødirektoratet si klageavgjerd av 15.12.2016 omhandlar Sira-Kvina kraftselskap sin søknad om kraftutbygging i Storå i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Her går det klart fram at kraftutbygging ikkje kan reknast som vesentlege samfunnsinteresser etter §48, første ledd, tredje alternativ:

«Klima- og miljødepartementet har lagt til grunn at kraftutbygging på generelt grunnlag ikke faller inn under alternativet "andre vesentlige samfunnsinteresser", jfr at dette ikke kan betraktes som et tungtveiende hensyn av nasjonal betydning etter naturmangfoldloven § 48. Vernevedtakenes innhold tilsier at det jevnlig vil inntreffe interessemotsetninger mellom verneinteresser og andre samfunnsinteresser. Vi viser for øvrig til omtalen som er gjort av denne bestemmelsen i Ot.prp.nr 52 (2008-2009) Om lov om forvaltning av naturens mangfold (Naturmangfoldloven) kap 11.8.14.4 og kap 21».

Både i forarbeida til naturmangfaldlova (Ot.prp. nr 52 (2008-2009) og i Miljødirektoratet sin vegleiar M106-2014, går fram at tiltak som skal vurderast etter dette alternativet, må være nødvendige og ikkje vil kunne lokaliserast andre stader. Her går det og fram at dette alternativet i §48 ikkje skal omfatte tiltak som vart vurdert på vernetidspunktet.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Holmavassåno biotopvernområde og landskapsvernområda Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Kvanndalen.

Vurdering

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

<u>§8 Kunnskapsgrunnlaget</u>

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no), samt tilsvarande informasjon i Temakart Rogaland. Ei viktig kunnskapskjelde er og Norconsult sine konsekvensutgreiingar (KU) og fagrapportar for relevante tema som landskap, hydrologi, fisk og naturmangfald.

Kunnskap om villreinens bruk av område er særleg henta frå GPS-data frå www.dyreposisjoner.no og rapporten frå klassifiseringa av Setesdal Ryfylke villreinområde etter kvalitetsnormen (NINA-rapport 2126). Viktig dokumentasjon ligg og føre gjennom Norconsult sin KU, fagrapport og tilleggsrapport for temaet villrein, samt SVR-notata Villrein og ferdsel i Holmavassåno biotopvernområde (SVR-notat 1-2020) og GPS-merka villrein ved Holmavatnet og Holmavassåno (SVR-notat 1-2024).

Kunnskap om friluftslivet baserer seg på Norconsult sin KU for temaet, samt SVR-notat 1-2020. Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no) og Norconsult sin KU for temaet.

Verneområdeforvaltar har og omfattande lokalkunnskap frå område.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må i hovudsak vurderast som godt. Det manglar likevel sikker kunnskap om korleis isen på Holmavatnet vil bli påverka av auka reguleringshøgde og pumping, og korleis svakare is og meir overvatn vil påverke villreinens tilgang til beiteområde. Det er og andre sider ved konsekvensane for naturmangfaldet som er mangelfullt utgreia. Dette dreier seg særleg om istilhøva ved tunellinntaket/utløpet i Nausdalsbukta i Holmavatnet og konsekvensane for ein hubrolokalitet. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt vekt i dei følgjande vurderingane.

§ 10 Samla belastning - Eksisterande tilstand, inngrep og forstyrringar

Landskap og naturmangfald

Området som søknaden omfattar ligg i eit storkupert og ope fjellandskap i høgdelaget mellom 950 og 1300 moh. Det er ein del førekomstar av den næringsrike bergarten fylitt slik at vegetasjonen stadvis er frodig. Viktige element i landskapet er dei to vassdraga Tverrå og Holmavassåno, samt fleire relativt store vatn som Holmavatnet, Sandvatnet, Litlavatnet og Isvatnet. Holmavatnet er det største med eit areal på 10.77 km^2.

Områda ved Sandvatnet og Holmavatnet er sterkt påverka av Røldal-Suldal reguleringa. Holmavatnet har ei reguleringshøgde på 10 m, og det ligg seks større og mindre demningar og ei kraftverkshytte rundt vatnet. Det går ein anleggsveg opp til Holmavatnet, og to store kraftlinjer på 300 og 420 KV går gjennom område. Sandvatnet har ei reguleringshøgde på 26 m, og det er to store demningar og ei kraftverkhytte ved vatnet. Det går og ein anleggsveg langs heile sør og austsida av vatnet. Isvatnet og Djupatjørna er og prega av kraftutbygginga. Isvatnet drenerte opphavleg mot Kvanndalen, men er nå snudd og renn ut Tverrå. Isvatnet har og ei reguleringshøgde på 10 m. Ved Djupetjørna er det ein utløpstunell for vatnet frå Isvatnet, ein tipp og ei kraftverkshytte. Vassføringa i Tverrå og Holmavassåno er og sterkt prega av kraftutbygginga. Tverrå har auka vassføring på grunn av at Isvatnet er tilført nedbørsfeltet. Dette gjeld særleg ein to månadars periode om vinteren når Isvatnet vintertappast. Denne tappinga har medført erosjonsskadar ved innløpet til Litlavatnet. Holmavassåno har redusert vassføring om sommaren og auka vassføring om vinteren. Det auka vassføringa om vinteren gjer at elva blir gåande open og skapar eit vandringshinder for villreinen.

Alle dei tre reguleringsmagasina Holmavatnet, Sandvatnet og Isvatnet er islagt om vinteren, og islegginga skjer når magasina er relativt fulle. Isen på Holmavatnet legg seg normalt rundt 1. desember, mens islegginga er noko seinare på Sandvatnet og noko tidlegare på Isvatnet. Når det tappast vatn frå magasina gjennom vinteren vil isen senke seg med vasstanden, og det vil oppstå sprekkar i reguleringssona. Sprekkdanninga vil være mest omfattande der reguleringshøgda er stor og terrenget er bratt. Det er derfor mest sprekkdanning i Sandvatnet, mens særleg Holmavatnet som har mindre reguleringshøgde og slakare breidder, er mindre utsett. Uansett har alle tre magasina relativt trygg is og ar farbare for både folk og dyr store deler av vinteren.

Det er og delar av område som verker urørt av kraftutbygginga. Til dømes er heile Tverrå frå innløpet til Sandvatn og opp til Djupetjørna nærast utan tekniske inngrep.

Tverrå der turistløypa kryssar elva ved Naustdalen. Foto: SVR 05.09.2024.

Fleire av vatna i område er svært gode fiskevatn, I Holmavatnet drivast det og næringsfiske. Ein viktig årsak til dette er førekomsten av skjoldkreps, vårfluelarver og linsekreps som er viktige næringskjelder for auren. For å kompensere for reduserte gytetilhøve blir det kvart å sett ut 1800 fisk i Holmavatnet og 150 i Isvatnet. I Holmavatnet er det nå dokumentert ein betydeleg sjølvrekruttering slik at utsettingane kan avsluttast heilt eller reduserast kraftig

Det er registrert ein mogleg hekkeplass for hubro litt utafor det verna arealet. Observasjonar tyder likevel på at dette territoriet strekk seg inn i eit av verneområda.

Friluftsliv

Stavanger turistforeining si hytte Holmavasshytta ligg på vestsida av vatnet med løyper nordover til Haukeliseter og sørover til Sandvatnet og vidare til Bleskestadmoen. Det går og ei umerka løype til Sloaros langs sørsida av Holmavatnet. Om vinteren går den kvista løypa sørover til Bleskestadmoen over isen på Holmavatnet før den går ned langs Holmavassåno og vidare over isen på Sandvatnet. Kvista løypa austover til Sloaros, og vidare til Hovden, går midt over isen av Holmavatnet. Holmavasshytta har om lag 800 overnattingar kvart år, fordelt på 300 om vinteren og 500 om sommaren. På seinvinteren er det og ein del skiløparar som går strekninga Haukeliseter-Hovden som dagstur.

Det er og ein del ferdsel i område knyt til fiske, småviltjakt og villreinjakt, samt i samband med slepp, tilsyn og sanking av sau.

Anleggsvegen til Holmavatnet hadde i 2019, 330 passeringar av køyretøy. Om lag 80% av denne ferdsla var i samband med jakt og fiske. I tillegg kjem noko ferdsel på vegen med sykkel eller til fots.

Ut frå desse tala kan ein estimere at dei ulike stisegmenta rundt Holmavatnet til saman har om lag 2000 passeringar i barmarkssesongen, mens dei ulike kvista løypene til saman har om lag 1000 passeringar om vinteren.



Sommar- og vinterløyper til og frå Holmavasshytta. Blå strek viser kvista vinterløyper, men raud strek viser merka sommarløyper.

Villrein

Kunnskapen om villreinens bruk av områda ved Holmavatnet baserer seg på GPS-data, ulike fagrapportar og opplysningar frå lokalkjente som grunneigarar og andre brukarar av område. Verneområdeforvaltar kjenner og område godt. Når det gjeld bruken av GPS-data er det viktig å være klar over at berre ein liten del av villreinbestanden har gått med sendar. Om ein tek utgangspunkt i 1000 vinterdyr i nordområdet er det under 1% som har vore merka. Ein kan likevel gå ut frå at GPS-data gir eit rimeleg representativt bilete av villreinens arealbruk, da dei merka dyra ofte inngår i større eller mindre flokkar. Ein må og være merksam på at GPS-data frå tidsrommet 2006-2024 berre gir eit augneblikksbilete av villreinens bruk av område. Villreinens arealbruk er syklisk og føretrekte vinterbeiteområde kan endre seg over tid. Som Norconsult påpeikar i sin tilleggsdokumentasjon, vil det i tillegg være usikkerheit knyt til at ein berre har GPS-posisjonen for kvar tredje time. Dermed kan ein få ein situasjon der dyr som ser ut til å ha kryssa isen mellom to GPS-plott i verkelegheita berre har vore inne på land. Dette er heilt rett, men det må og føyast til at det motsette kan være tilfellet. Nokon gonger vil og dyr som ser ut til å berre ha vore på land, kan ha vore ein tur ute på isen mellom to GPS-plott.

Områda frå Holmavatnet og nord og austover mot Bjåen og Hovden utgjer det viktigaste vinterbeiteområde for villreinstamma i den nordre halvdelen av Setesdal Ryfylke villreinområde. Både GPS-plott og feltobservasjonar viser at Gravetjørnnuten på sørvestsida av Holmavatnet og områda på nordaustsida av vatnet blir særleg mykje brukt til vinterbeite.



GPS-plott for perioden 1. desember – 31. mai for åra 2006-2024. Kartet er henta frå Agder fylkeskommunes innsynsløysing: https://agderfk.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=90e4788700b841bca7d41c0b853252e5

Den høge bruken av desse områda skuldast at vegetasjonen er relativt rik og har markerte innslag av lav. Desse områda inneheld og mange mindre kollar og knausar kor snøen bles bort og gjer maten lettare tilgjengeleg for villreinen. Det same gjeld for dei mange holmane ute i Holmavatnet. At Gravetjørnnuten og områda ved Dyrskarnuten har dei beste vinterbeita kjem og tydeleg fram av NINAs kart over vinterhabitata rundt Holmavatnet.



Kart over kvaliteten på vinterbeite rundt Holmavatnet. Mørk grønfarge viser dei beste beita. Kartet er henta frå NINA sin nettstad Wild reindeer Maps.
https://bramvanmoorter.users.earthengine.app/view/renewablereindeergis

Både Norconsult sin tilleggsrapport, verneområdeforvaltar sitt notat og opplysningar frå lokalkjente, viser at villreinen brukar isen på Holmavatnet. Bruken av isen kan delast inn i tre hovudkategoriar; korte iskryssingar av bukter og viker, iskryssingar til holmar og iskryssingar av heile vatnet (ofte via holmar). Både Norconsultrapporten og SVR-notatet viser at 28 GPS-merka dyr har vært ute på isen den aktuelle perioden. Dei to rapportane presenterer resultata på litt ulik måte og er derfor ikkje direkte samanliknbare, men begge visar at villreinen brukar dei sentrale delane av Holmavatnet til beiteområde og trekkveg. Hos Norconsult dreiar det seg om 14 dyr eller 44% av dei som bruka referanseområde på land, mens det hos SVR er snakk om 21 dyr eller 47% av dyra i referanseområde. Med tanke på at berre ein liten del av stamma har vore GPS-merka, så viser desse tala at det i verkelegheita er svært mange dyr som brukar isen på Holmavatnet. Noko som og er i tråd med observasjonane frå lokalkjente.



Alle registrerte bevegelser på og ved Holmavatnet i vintermånadene i perioden 2007-2024. Kjelde: Norconsult – RSK Revisjon og OU – tilleggsdokumentasjon.

Kartet frå Norconsultrapporten over viser tydeleg omfanget av trekkaktiviteten over isen på Holmavatnet. Norconsult gjer likevel eit poeng av at det er høgare bruksfrekvens rundt Holmavatnet enn ute på isen. Eit anna funn ville vore oppsiktsvekkande når beiteområda i hovudsak er å finne inne på land. På kartet ser ein da og veldig tydeleg at dyra går mykje fram og tilbake langs nordaustsida av vatnet. Dette betyr likevel ikkje at dyra i hovudsak går rundt vatnet for å komme seg mellom dei beste beiteområda på nordaustsida og sørvestsida slik som Norconsult påstår. I verkelegheita er det stikk motsett. Basert på GPS-data frå www.dyreposisjoner.no er det dokumentert 25 sikre iskryssingar tvers over heile

Holmavatnet. Av desse er det heile 19 som går mellom Gravetjørnnuten og nordaustsida, 3 som kryssar vatnet lenger aust og 3 som kryssar vatnet på langs. Når det gjeld dyr som har gått på land mellom nordaustsida og Gravtjørnnuten eller Naustdalen er talet 12. I tillegg er det 4 tilfelle kor det er vanskeleg å vurdere sikkert om dyra har gått på isen eller på land. Av dyra som har gått på land er det 9 som har gått på nordvestsida og 3 som har gått på søraustsida.



Skjematisk framstilling av korleis GPS-merka villrein har forflytta seg mellom dei beste beiteområda ved Holmavatnet.

Etter kraftutbygginga på 1960-talet har Holmavassåno gått open store deler av vinteren, og har utgjort eit vandringshinder for villreinen. Både ope vatn og stadvis bratte snøkantar langs breidda, gjer at villreinen ikkje vil krysse. For perioden 2006-2024 er berre registrert 4 kryssingar av GPS-merka dyr.

Satellittfoto som visar Holmavassåno med open vassføring 20.01.2023. Kjelde: Nordconsult KU Villrein.

SVR-notat 1-2024 er det gjennomført ein nærstudie av kvart einskild GPS-merka dyr som har opphaldt seg nær Holmavassåno vinterstid for åra mellom 2006 og 2024. Her blir det registrert at 9 GPS-merka dyr til saman har hatt 18 avbrotne kryssingsforsøk av Holmavassåno. På bakgrunn av dei gode vinterbeiteressursane i Gravetjørnnuten og dei dårlege vinterbeiteressursane i eit stort område på andre sida av Holmavassåno, blir det konkludert med at den vinteropne Holmavassåno er eit vandringshinder med avgrensa betydning for villreinens moglegheit til å utnytte vinterbeita rundt Holmavatnet.

I sin tilleggsdokumentasjon ønskjer ikkje Norconsult å kvantifisere talet på avbrotne kryssingsforsøk av Holmavassåno. Dette blir grunngjeve med at: *«Det er svært utfordrende å gi en entydig og objektiv definisjon på en «avbrutt kryssing» av en barriere i landskapet basert på kvalitative vurderinger av GPS- data. Datasettet viser for eksempel en langt høyere tetthet av punkter og bevegelser ved Gravetjørnnuten nord for Holmavassåno enn det omkringliggende landskapet vinterstid. En kvalitativ (subjektiv) vurdering av betydningen av vinteråpent vassdrag i denne situasjonen, som kun er basert på enkeltindividers adferd i nærområdet, ville kreve en rekke antagelser som det er vanskelig å finne belegg for i eksisterende kunnskap. Det er for eksempel mulig at oppstuving av dyr i dette området skyldes svært gode vinterbeiteressurser i forhold til omkringliggende areal, men det er også mulig at det vinteråpne vassdraget fungerer som en visuell barriere allerede fra Gravetjørnnuten, ettersom det er godt synlig derfra, og at trekkende dyr stopper opp her uten å nærme seg vassdraget».*

Under verneområdestyret si synfaring kom det fram ein tydeleg ueinigheit mellom verneområdeforvaltar og Norconsult om årsaka til opphopinga av GPS-merka dyr i Gravetjørnnuten. På bakgrunn av lokalkunnskap og NINAs kart over vinterbeita meiner verneområdeforvaltar at denne diskusjonen kan leggast bort. Det er ein opphoping av GPS-merka dyr i Gravetjørnnuten og på nordaustsida av Holmavatnet, akkurat der kor NINAs kart viser at villreinen finn dei beste vinterbeita. Søraustsida av Holmavassåno er den staden ved Holmavatnet kor det er færrast plott frå GPS-merka dyr, samstundes som kartet viser at dette området har dei dårlegaste vinterbeiteressursane i heile Holmavatnområde.

At det er relativt få GPS-merka dyr som har forsøkt å krysse Holmavassåno skuldast derfor heilt enkelt at dei har god grunn til å halde seg i Gravetjørnnuten og lite å hente på andre

sida av Holmavassåno. Det må og føyast til at Holmavassåno går vinteropen over ei strekning på 2.8 km. Som GPS-plotta og viser, kan dyra relativt enkelt komme seg til og frå Gravetjørnnuten over isen Holmavatnet eller Sandvatnet.

§ 10 Samla belastning – Ny situasjon i høve til inngrep og forstyrringar

Landskap og naturmangfald

At Isvatnet får ein stabil vasstand på kote 1294 er positivt for verneverdiane knyt til landskap og naturmangfald. Utan ei synleg reguleringssone vil landskapsrommet framstå som nærast urørt, og levetilhøva for botndyr og fisk vil bli forbetra. Bortfall av vintertappinga vil og være positiv. Det vil ikkje oppstå nye erosjonsskader i Litlevassbotn, og istilhøva vil bli betre både på sjølve Isvatnet og over Tverrå mellom Djupetjørna og Litlavatnet. Dette området har marginal bruk av både folk og villrein om vinteren, men tiltaket vil uansett være positivt. Dette tiltaket er og eit krav frå Suldal kommune til vilkårsrevisjonen for Røldal-Suldal reguleringane.

At Tverrå overførast til Holmavatnet ved kvote 1063 vil være negativt for verneverdiane knyt til landskapet. Sjølv om det er rekna med ei restvassføring på 100 l/sek vil elveleiet framstå som nesten tørt over ein strekning på om lag 1.5 km. Tverrå går skjult store deler av denne strekninga, men der kor Tverrå møter Naustdalen opnar landskapet seg. Her har ein eit variert og svært vakkert landskapsrom kor Tverrå er eit heilt sentralt element. Ei nærast tørrlagt elv vil redusere verdien av dette landskapsrommet vesentleg. Dette inngrepet blir særleg eksponert ettersom turistløypa mellom Holmavasshytta og Bleskestadmoen kryssar Tverrå på denne staden. Det må og byggast eit bekkeinntak i Tverrå, men landskapsverknaden av anlegget kan dempast om det leggast nedstrøms den nedste lona i Tverrå.

Ei senking av LRV i Holmavatnet med ytterlegare 5 m vil være svært negativt for verneverdiane knyt til landskap og naturmangfald. Nye areal på 1.07 km^2 vil bli tørrlagt i deler av året, og ein vil få ei større og meir synleg reguleringssone.



Eksisterande og ny reguleringssone i Holmavatnet

Om vinteren vil auke reguleringshøgde medføre oppsprukken is på nye stader og over eit større areal. Ei ny senking av LRV vil ha store negative konsekvensar for fisken i Holmavatnet. Særleg kritisk er det at både tilgangen til gytebekkane og tilgangen på mat vil bli sterkt redusert. Ei reguleringshøgde på 15 m er meir enn det viktige artar som skjoldkreps og vårfluelarver kan tole. Utbygginga vil derfor føre til at ein sjølvrekrutterande aurebestand av god kvalitet blir erstatta av ein bestand under middels kvalitet som er avhengig av utsettingar for å overleve.

Pumping av vatn frå Kvanndalsfoss vil ha ei rekke negative konsekvensar for Holmavatnet. Hyppigare endringar i vasstanden vil gje dårlegare levetilhøve for vassplantar og organismar som lever i strandsona. Om vinteren vil denne pumpinga føre til dårlegare is. Når det pumpast vatn til Holmavatnet etter at isen har lagt seg vil isdekket heve seg med den stigande vasstanden. Isen vil da lausne frå land og det vil oppstå ei sone utan is eller med svak is rundt heile reguleringssona. Av søknaden går det fram at den installerte pumpekapasiteten vil kunne auke vasstanden i Holmavatnet med 25 cm i døgnet. Kor lenge og kor ofte det vil bli pumpa vil avhenge av mellom anna avrenninga til Kvanndalsfoss og prisane i kraftmarknaden. Ein må derfor rekne med at det vil bli fleire situasjonar med pumping kvar vinter, og at ein vil få ei permanent sone med svak is rundt både heile Holmavatnet og alle holmane ute i vatnet. Dette kan medføre at isen på Holmavetnet ikkje blir farbar for verken folk eller dyr store deler av vinteren. I områda ved tunellinntaket/utløpet i Naustdalsbukta må ein rekne med at isen blir særleg dårleg.

Friluftsliv

For friluftslivet vil svakare is på Holmavatnet kunne få store negative konsekvensar. Det er høgst usikkert om dei kvista løypene over vatnet kan oppretthaldast i ein framtidig situasjon med ustabile istilhøve. Av tryggleiksomsyn vil det neppe kunne leggast til rette for ferdsel på eit magasin der isen er usikker og tilhøva kan endre seg raskt. Om dei kvista løypene må

leggast på land vil dette medføre auka forstyrring av villreinen i eit svært viktig vinterbeiteområde. Det er derfor godt mogleg at dei kvista løypene til Holmavasshytta frå sør og aust må leggast ned.

Dårlegare fiske i Holmavatnet vil og være negativt for friluftsinteressene.

Villrein

Ein framtidig situasjon med ei senking av LRV i Holmavatnet med ytterlegare 5 m og pumping av vatn frå Kvanndalsfoss, vil ha svært store negative konsekvensar for villreinen. Ein manglar sikker kunnskap om korleis isen på Holmavatnet vil bli, men både Norconsult sin KU og det som finn av litteratur på temaet, slår fast at isen vil bli svakare i ei sone langs land. Usikkerheita om istilhøve blir ennå større når ein ikkje veit kor mykje, kor ofte eller i kor lange periodar det vil bli pumpa vatn frå Kvanndalsfoss. Det er uansett fare for at isen på Holmavatnet blir så dårleg at villreinen ikkje vil bruke den, og at heile Holmavatnet blir eit nytt vandringshinder i det beste vinterbeiteområde. Basert på GPS-data er det om lag ein fjerdedel av villreinen i nordområde som brukar isen på Holmavatnet. Og om lag halvparten av desse igjen brukar isen til å trekke over heile vatnet eller for å beite på dei mange holmane.

Det kan være lett å stille spørsmål om kor kritisk eit nytt vandringshinder eigentleg er i eit så stort villreinområde. Her må det leggast til grunn at Setesdal Ryfylke allereie er det villreinområde i landet som er desidert hardast påverka av vasskraftutbygging målt i til dømes km^2 neddemt areal, kilometer anleggsveg og kilometer kraftlinjer. Tilsyn, drift, vedlikehald og utviding av dei mange kraftanlegga genererer og massiv forstyrring. I tillegg kjem mellom anna belastning av ferdsel ut frå store hytteområde, ferdsel etter turistforeininganes hytte- og løypenett og verksemd i samband med slepp, tilsyn, sanking og beiting av om lag 60.000 sau. I eit slikt perspektiv vil eit kvart nytt inngrep som forringer leveområdet vera eit for mykje.

Konsekvensane er mellom anna at villreinstamma er delt i to ved Blåsjø, og at store beiteareal i sør og vest knapt blir brukt av villreinen. Rapporten frå klassifiseringa etter kvalitetsnormen viser til fulle konsekvensane av den samla belastninga. Villreinområde vart klassifisert til *«ikkje godkjent»* og det var særleg delnorm *«funksjonelle trekkpassasjar»* som var utslagsgjevande.

Dei siste åra har det og komme fleire indikasjonar på at den store samla belastinga byrjar å få konsekvensar for sjølve villreinstamma. I 2024 var stamma sør for Blåsjø freda for jakt fordi teljingar vist eit uforklarleg lågt tal på dyr. Dei tre siste åra har og kalveproduksjonen hatt ein nedgåande tendens, samtidig som slaktevektene på simlekalv og har gått nedover. At dyra blir mindre samstundes som dei blir færre er svært illevarslande. Ein veit ennå ikkje om dette er ei utvikling som vil halde fram eller kva som er årsaka, men dette er uansett ikkje ein situasjon der det skal leggast opp til tiltak som aukar den samla belastninga ytterlegare.

Om Lyse Kraft får nytte Holmavatnet slik dei har søkt om, vil det bli slutt på dagens vintertapping i Holmavassåno. Dette vil være positivt for villreinen da vandringshinderet den vinteropne elva skapar vil bli borte. I SVR-notat 1-2024 er det vist til 18 avbrotne kryssingsforsøk av Holmavassåno i tidsrommet 2006-2024. Dei fleste av desse gjeld dyr som vil søraustover frå Gravetjørnnuten. Om dyra lett kan krysse Holmavassåno vil dette være positivt, og gjere at dyra fritt kan trekke der dei vil i vinterbeiteområda rundt Holmavatnet. Her må det gjentakast at hovudårsaka til at det er relativt få kryssingsforsøk ligg i at beitetilhøva i Gravetjørnnuten er klart betre enn på andre sida av åno, og at dyra derfor har avgrensa grad har behov for å krysse.

Uansett betydning er Holmavassåno eit vandringshinder. Suldal og Ullensvang kommunar har derfor i vilkårsrevisjonen sett fram krav om bygging av ein eller fleire tersklar som skal lette villreinens trekk over Holmavassåno.

Vurdering av presedensverknad

Både gjennom medieoppslag og møter er verneområdeforvaltar kjent med at fleire av kraftselskapa planlegg pumpekraftprosjekt i fleire av dei eksisterande magasina i villreinområde. Når ein ikkje kjenner detaljane er det vanskeleg å avgjere om planane vil omfatte verna areal eller i kor stor grad istilhøva på magasina vil bli påverka. Aktuelle magasin kan være Blåsjø. Svartevassmagasinet, Rosskreppfjorden Store Urevatn og Vatndalsvatnet. Villreinen brukar isen på alle desse magasina i større eller mindre grad, og særleg ei svekking av isen på Store Urevatn og Rosskreppfjorden vil være negativt for villreinen. Avveginga av villreininteressene opp mot kraftproduksjon i Lyse Kraft sin dispensasjonssøknad vil derfor kunne få vidtrekkande presedensverknader.

§12 Miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering

Med ein del viktige unnatak, mellom anna knytt til istilhøva på Holmavatnet, inneheld søknaden og vedlegga, ein tilstrekkeleg beskriving av tiltaka og konsekvensane av dei.

Når det gjeld andre utbyggingsalternativ, med lokalisering av tiltaka delvis utafor verna areal, har Lyse Kraft lagt fram ein omfattande tilleggsdokumentasjon. Det blir presentert tre ulike utbyggingsalternativ:

Kvanndal 2B kraftverk inneberer pumping frå Kvandalsfoss til Sandvatnet. Alternativet vil påverke verna areal ved at vasstanden i Sandvatnet vil gå raskare opp og ned og medføre svakare is. Holmavatnet vil ikkje bli påverka ved dette alternativet.

Kvanndal 2B + Sandvatnet kraftverk som utnyttar fallet mellom Holmavatnet og Sandvatnet. Alternativet vil påverke verna areal i form av bygging av ein kraftstasjon i dagen nede ved Sandvatnet. Holmavatnet bil ikkje bli berørt og vintertappinga i Holmavassåno vil bli borte.

Kvanndal 2B + Tverrå kraftverk som utnyttar fallet mellom Holmavatnet og Sandvatnet. Vil påverke verna areal i form av overføring av Tverrå til Holmavatnet, senking av LRV i Holmavatnet med ytterlegare 5 m, samt bygging av eit lukehus.

Etter Lyse Kraft sine berekningar er ingen av desse utbyggingsalternativa lønnsame. Samanlikna med utbygginga det er søkt om, vurderer dei og alternativa til å ha høgare kostnadar, mindre produksjon og i nokre høve stor negativ innverknad på verneområda.

Verneområdeforvaltar er ikkje gått inn på Lyse Kraft sine vurderingar av lønnsemda for ulike utbyggingsalternativa. Verneområdeforvaltar legg til grunn at ingen av dei skisserte utbyggingsalternativa er økonomisk lønnsame og truleg ikkje er realistiske for søkar å gjennomføre.

Etter verneområdeforvaltar si vurdering har kraftutbygginga Lyse Kraft søker om ei svært uheldig lokalisering. Tiltaka vil berøre verna areal og ha store negative konsekvensar for verneverdiane. Holmavatnet er og lokalisert i eit viktig vinterbeiteområde for villrein, og tiltaka det er søkt om vill påverke villreinområde og villreinstamma negativt.

Dei andre utbyggingsalternativa i område som Lyse Kraft har utgreidd, vil i noko mindre grad påverke villrein og verna areal. Dette gjeld særleg alternativet Kvanndal 2 kraftverk, kor vatn blir pumpa frå Kvanndalsfoss til Sandvatnet.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon

Tiltaka det er søkt om vil ha negativ innverknad på verneverdiane knyt til landskap, villrein og fisk og være i strid med verneføremåla for Holmavassåno biotopvernområde og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Ein vil få ei større og meir synleg reguleringssone i Holmavatnet og fiskens tilgang til næringsdyr og gytebekkar vil bli kraftig redusert. Pumping av vatn til Holmavatnet vil medføre svakare is, og det er fare for at Holmavatnet blir eit nytt vandringshinder i eit viktig vinterbeiteområde for villreinen.

Nokon av tiltaka det er søkt om vil ha positiv innverknad på verneverdiane knyt til landskap, villrein og fisk. Stabil vasstand i Isvatnet vil være positivt for landskap og fisk, mens bortfallet av vintertappinga av Holmavassåno vil vere positivt for villreinen når dette vandringshinderet fell bort.

Om ein veg dei positive og negative verknadane opp mot kvarandre, meiner verneområdeforvaltar at dei negative vil være klart størst. Dette er særleg knyt til det svakare isen på Holmavatnet og faren for at vatnet blir eit nytt vandringshinder for villreinen.

Det er såleis ikkje grunnlag for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlovas §48, første ledd, første alternativ.

Innkomne uttaler

Dispensasjonssøknaden frå Lyse Kraft vart 30.04.2024 sendt på høyring til aktuelle grunneigarar, kommunar, fylkeskommunar, statsforvaltarembeta, villreinnemnda og organisasjonane i fagleg rådgjevande utval. Frist for uttale var sett til 01.10.2024. Det kom inn 8 uttaler, og eit samandrag av desse vil gitt i det følgjande. Heile uttalene vil kunne lesast på SVR si nettside: https://www.nasjonalparkstyre.no/svr/publikasjoner/uttaler-til-soknad-fra-lyse-kraft

Både Villreinnemnda for Setesdalområde, Agder fylkeskommune, Knut Haukelid, Norges Jeger- og Fiskerforbund og FNF-Rogaland rår frå at det blir gitt dispensasjon. Grunngjevinga er i hovudsak knytt til at villreinen i område allereie er under sterkt press, og at dårlegare is på Holmavatnet vil gjere situasjonen verre.

Suldal kommune, Statsforvalteren i Rogaland, og Odd Kjos Hanssen sitt dødsbo, gjev inga klar tilråding, men desse peikar og på at ein må unngå at situasjonen blir verre for villreinen. Det blir og peika på manglar ved konsekvensutgreiinga og kunnskapsgrunnlaget.

Suldal kommune

Utval for landbruk, miljø og teknikk i Suldal kommune tilrår at:

- SVR gjer ei samla vurdering av heile utbygginga si påverknad på verneformålet når det skal vurderast om dispensasjonen skal innvilgast. Setesdal Ryfylke villreinområde blei ikkje godkjend etter kvalitetsnorm for villrein. Regjeringa har i iverksett eit arbeid med tiltaksplan for å betre tilstanden. Det er då avgjerdande viktig at me ikkje samstundes gjer situasjonen verre for villrein.
- At SVR tek høgde for at det kan forventast fleire søknadar om pumpekraftverk i tilknyting til nasjonalt villreinområde og dei verna områda.

Villreinnemnda for Setesdalområde

Arbeidsutvalet i villreinnemnda rår frå at det blir gitt dispensasjon til opprusting og utviding av Røldal Suldal kraftverk slik det er søkt om.

Føremålet med verneområda er mellom anna å sikre leveområdet til villreinen. Det er derfor openbart at ei vidare vassdragsregulering strir med verneformålet.

Kvalitetsnorm for villrein fortel at tilstanden for villreinen i Setesdal Ryfylke er dårleg og at den samla belastninga er for stor. Det er derfor sentralt at ein her ikkje gjer nye inngrep som vil redusere kvaliteten ytterlegare.

Dersom ein sluttar med vintertapping i Holmevassåna vil dette vandringshinderet forsvinne. Det er bra, men krav om terskel er spelt inn til vilkårsrevisjon. Arbeidsutvalet er særleg bekymra for villreinen sin bruk og trekk over Holmavatnet dersom det skulle bli ei utbygging etter søknad. Pumpekraftverk «vil innebære hyppigere svingninger i vannstanden i Holmavatnet sett i forhold til dagens situasjon, og det forventes meir oppsprukken is og overvann langs land enn i dagens situasjon. Dette vil bidra til å redusere villreinens muligheter for å trekke over isen på Holmavatnet vinterstid» (KU).

Det ligg føre planar om fleire pumpekraftverk i villreinområde/verneområda. Saka må og vurderast i dette perspektivet.

Dersom verneområdestyre likevel opnar for å gi dispensasjon frå verneforskriftene for utviding og oppgradering av kraftverka, må dette vere på eit klart vilkår om at utbygginga ikkje skal vere til negativ påverknad for villreinen.

Knut Haukelid

Er grunneigar på store delar av delen av Holmavatnet som ligg i Vinje kommune og områda nordover. Driv utleiga av jakt, fiske og sauebeite, og driv sjølv næringsfiske i Holmavatnet.

Lyse Kraft bør ikkje få dispensasjon frå verneføreskriftene. Om dette slepp gjennom kunne ein like godt ha droppet hele vernet. Norconsult har utført eit lettvint og tidvis feilaktig utredningsarbeid som er sterkt prega av manglande lokalkunnskap. Dei negative konsekvensane for villreinen er langt større enn det som beskrivast i konsekvensutgreiinga.

Isen på Holmavatnet er stabil og trygg, og villreinen brukar isen aktivt. Dette gjeld både trekk ut til dei mange holmane som er rike på lav, og trekk over heile isen. Det er og mange døma på at dyra oppheld seg ute på den opne isflata.

Den vinteropne Holmavassåno er ikkje eit vandringshinder av betydning. Dyra oppheld seg i Gravetjørnsnuten fordi dette er ein svært godt vinterbeiteområde. I den grad dei vil over på andre sida brukar dyra isen på Holmavatnet eller Sandvatnet.

Anleggsvegen til Holmavatnet har fått mykje fokus, men har knapt nokon betydning for villreinen. Ferdsla på vegen er svært avgrensa og skjer på ei tid på året det knapt finns dyr her.

Ein slutt på vintertappinga i Tverrå vil ha svært avgrensa verdi for villreinen. Område brukast relativt lite av dyra og det er kort veg rundt den opne strekninga.

Holmavatnet er eit svært godt fiskevatn og aurebestanden er i hovudsak sjølvrekrutterande. På eigedommen vart det fiska over 400 kg sløyd fisk, halvparten av dette vart levert til Haukeliseter.

Holmavatnet har og ein bestand av fiskeetande storaure. Denne er ikkje nemnt i konsekvensanalysa, men må takast med i verdivurderinga av vatnet.

Vidare senkinga av Holmavatnet med 5 m vil øydelegge for vidare gyting. Stadig skiftande vasstand pga pumping vil og gå utover næringsdyra for auren.

Odd Kjos Hanssen sitt dødsbo

Er grunneigar for delen av Holmavatnet som ligg i Holmavassåno biotopvernområde og områda rundt. Driv utleige av jakt, fiske og sauebeite.

Dei negative verknadane av tiltaket er underkommunisert i søknaden, og det ligg ikkje føre eit kunnskapsgrunnlag for ein forsvarleg avveging av omsyn som talar for og imot utbygging.

Det manglar kunnskap om istilhøve ved bruk av pumpekraftverk og det er fleire påstandar i dei ulike KU-rapportane som må kommenterast

For brukarane vil ei senking av LRV i Holmavatnet med 5 m være eit stort og merkbart naturinngrep. Det vil bli negative endringar for båtbruk, fiske, skjoldkreps og ferdsel på isen. Garnfiske blir vanskeleggjort, fiskebestanden blir negativt påverka, vintertransport blir vanskeleggjort og utleige av jakt og fiske blir mindre etterspurt.

Tiltaket vil ha negative konsekvensar for villrein. Dette er særleg knytt til dårlegare istilhøve på Holmavatnet som vil redusere dyras moglegheit til å trekke over isen.

Verknadane av anleggsperioden, inkludert mellombels inngrep, er ikkje godt nok belyst. Denne vil vare i 6 år og kan derfor få store konsekvensar.

Vidare senking av LRV i Holmavatnet vil ha negative konsekvensar for moglegheita til å bruke båt i samband med fiske og transport

Kvaliteten på den gode fiskebestanden i Holmavatnet vil bli forringa på grunn av øydelagde tilhøve for viktige næringsdyr.

Konsekvensane for isen i området rundt tunellinntaket/utløpet i Naustdalen er ikkje utgreidd. Dårleg is i dette område vil ha negative konsekvensar for villrein, ferdsel og transport.

Grunneigar ønskjer ikkje at anleggsvegen til Holmavatnet blir fjerna, men er positiv til ei flytting av bommen og eit strengare bomregime.

Norges jeger- og fiskerforbund (NJFF) og NJFF-Rogaland

NJFF og NJFF-Rogaland rår frå at søknaden frå Lyse Kraft blir innvilga.

Tiltaka det blir søkt om vil være i strid med verneføremålet for dei aktuelle verneområda.

Meir utrygg is på Holmavatnet vil ha negative konsekvensar for villreinen når moglegheita til å bruke isen som trekkveg blir vesentleg redusert.

Tiltak som vil kunne medføre ytterlegare forverring av tilstanden for villreinen, vil være i strid med kvalitetsnormen og Stortingets klare føringar om å bidra til å betre tilstanden og oppfylle måla i kvalitetsnormen.

Forum for natur og friluftsliv i Rogaland

Uttale på vegne av Naturvernforbundet i Rogaland, NJFF Rogaland og Birdlife Rogaland.

FNF vil sterkt rå frå at det blir gitt dispensasjon for omsøkte pumpekraftverk som vil medføre hyppigare svingingar i vasstand og reduserte moglegheiter for villreinen til å kunne trekke over Holmavatnet. Smertegrensa for hva den sterkt svekka villreinstammen tåler er allerede overskredet. Omsøkte tiltak vil være i strid med verneformål og nasjonale forvaltningsstrategiar for bevaring av villreinen.

Villreinområdet og verneområda er frå før sterkt påverka av inngrep frå kraftutbygging. I ta vare på leveområda for villreinen er ein verneføremål i fleire av verneområda, og verneområdestyret har eit særleg ansvar for å sørge for at dette omsynet blir ivaretatt.

Det er fleire feil og manglar i Norconsult sin konsekvensutgreiing:

- Planområdet si viktigheit for villreinen er langt høgare enn det GPS-data synleggjer
- Forventa klimaeffektar er ikkje omtala
- Tidsperspektivet som brukast for å vurdere villreinens bruk av område er for kort

- «Føre var» prinsippet er ikkje nok vektlagt.

Agder fylkeskommune (administrativ uttale)

Administrasjonen i Agder fylkeskommune rår frå at det blir gitt dispensasjon med at den grunngjevinga at retningslinjene i nasjonalt villreinområde i Heiplanen slår fast at nye kraftanlegg i utgangspunktet skal unngåast. Kunnskapsgrunnlaget synest for svakt til å kunne konkludere med den samla konsekvensen for villrein i Setesdal Ryfylke villreinområde er av så avgrensa omfang at ein kan gjere unntak frå hovudregelen.

Den samla belastninga i Setesdal-Ryfylke villreinområde har lenge vore aukande som følgje av fysiske inngrep og aukande grad av forstyrringar. Sett i lys av dette vil (som hovudregel) eitkvart nytt inngrep innanfor leveområdet for villrein vere negativt for å oppnå forvaltningsmåla for villreinbestanden slik dei er satt gjennom arbeidet med kvalitetsnorm for villrein og stortingsmelding 18. Heiplanen framhevar betydninga av fjellområda som leveområde for villrein, og pålegg nye kraftprosjekt å vektlegge dette temaet i sine utgreiingar.

Konsekvensane av tiltaka i verneområda må sjåast i samanheng med konsekvensar for utbygginga samla sett. Agder fylkeskommune er særleg bekymra for villreinens bruk og trekk over Holmavatnet og Votna, og tilhøyrande influensområde, dersom det skulle bli ei utbygging etter søknad. Effektkøyring med variasjon i vasstand gjennom døgnet er forventa å gi usikker is, noko som kan føre til at ein får eit vandringshinder for villreinen. Dei kvista skiløypene over vatn må truleg leggast på land, kanskje med den konsekvensen at villrein og skiløparar må dele dei same ferdselskorridorane. Dette vil forsterke dei negative sidene for villreinen.

Statsforvalteren i Rogaland

Statsforvalteren er særleg opptatt av dei samla konsekvensane for villrein og kva rom verneføreskrifta gir.

Det er for Statsforvalteren uklart om tiltaket totalt sett fører til ein betring eller forverring for villrein, men etter vår vurdering framstår det slik saka står som mest sannsynleg at det vil vere ein forverring samla sett pga. konsekvensane ved reguleringa av Holmavatnet. Verneområdestyret må ha klart føre seg konsekvensane for villrein når ein skal fatta vedtak. Om konsekvensane er uklare, særleg når det kjem til konsekvensar av pumpekraftverk til Holmavatnet, rår me til at ein innhentar eit betre kunnskapsgrunnlag, jf. òg føre-var-prinsippet i § 9 første ledd første setning i naturmangfaldlova.

Tiltaket vil kunne føre til at Holmavatnet blir eit betydeleg vandringshinder for villrein. Ettersom halve vatnet ligger i verneområdet vil tiltaket kunne stride mot føremålet til vernet, og oppfyller då ikkje vilkåret om at det «ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig», jf. § 48 i naturmangfaldlova. Etter Statsforvaltaren sitt syn er det stor fare for at tiltaket strider mot vernevedtakets føremål. Dette må forvaltningsmyndigheta vurdere. Ein må då vurdere om «vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig», jf. § 48 i naturmangfaldlova. Statsforvaltaren Side: 3/3 påpeiker at det òg ligg betydelege samfunnsinteresser i å ta vare på villreinen, og det leggjast ned betydelege ressursar og innsats på å betre forholda for villrein.

Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2024/4964 **Saksbehandlar:** Alf Odden **Dato:** 16.10.2024

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	34/24	23.10.2024

Uttale til Lyse Kraft sin konsesjonssøknad for opprusting og utviding av Røldal Suldal kraftverk

Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret godkjenner uttalen. Uttalen sendes til Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE) innan høyringsfristen 01.11.2024.

Fram til uttalen blir send, får verneområdeforvaltar fullmakt til å gjere mindre endringar i uttalen i samråd med styreleiar.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

I denne saka skal verneområdestyret ta stilling til utkastet til uttale som ligg ved saksframlegget.

Vedtaket må sjåast i samanheng med verneområdestyrets si handsaming av dispensasjonssøknad og uttale til revisjonsdokument som kjem som separate saker i dette styremøte.

Bakgrunn for uttalen

Viser til Lyse Kraft sin konsesjonssøknad med vedlegg, som NVE la ut på høyring 26.04.2024. Viser og til verneområdeforvaltar sitt saksframlegg til Lyse Kraft sin dispensasjonssøknad.

Alle dokument i saka, inkludert uttaler frå andre partar kan lesast her:
https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=9236&type=V-1

~~Uttalen vil i all hovudsak ta føre seg påverknad på verna areal og innhaldet i uttalen~~ vil derfor skilje seg lite frå innhaldet i saksframlegget til dispensasjonssøknaden.

Beskrivinga av kraftutbyggingstiltaka er gitt i søknaden og saksframlegget til dispensasjonssøknaden, mens omtale av påverknaden på verneverdiane inngår i sjølve uttalen. Dette vil derfor ikkje bli gjenteke her i saksframlegget.

På grunn av formuleringa i verneføreskriftene for Kvanndalen landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde om at *«Vernereglane ikkje er til hinder for gjennomføring av Tverrå-prosjektet i henhold til konsesjon».* Handsama ikkje vernområdestyret denne delen av dispensasjonssøknaden. Tiltaka som inngår i Tverrå-prosjektet er derfor særskilt omtala i denne uttalen.

Vurdering

Etter verneområdeforvaltar si vurdering vil Lyse Kraft sine planar for opprusting og utviding av Røldal Suldal kraftverk, ha så stor negativ påverknad av verneverdiane at ein ikkje kan tilrå at det blir gitt konsesjon. Dette gjeld særleg verneverdiane knyt til landskap, villrein og fisk.

Ein vil få ei større og meir synleg reguleringssone i Holmavatnet og fiskens tilgang til næringsdyr og gytebekkar vil bli kraftig redusert. Pumping av vatn til Holmavatnet vil medføre svakare is, og det er fare for at Holmavatnet blir eit nytt vandringshinder i eit viktig vinterbeiteområde for villreinen.

Nokon av tiltaka det er søkt om vil ha positiv innverknad på verneverdiane knyt til landskap, villrein og fisk. Stabil vasstand i Isvatnet vil være positivt for landskap og fisk, mens bortfallet av vintertappinga av Holmavassåno vil vere positivt for villreinen når dette vandringshinderet fell bort.

Om ein veg dei positive og negative verknadane opp mot kvarandre, meiner verneområdeforvaltar at dei negative vil være klart størst. Dette er særleg knyt til tilhøva for fisken i Holmavatnet, den svakare isen på Holmavatnet og faren for at vatnet blir eit nytt vandringshinder for villreinen.

Det må og leggast vekt på at den samla belastninga på villreinområde er svært stor, og at dette skulle tilsei at det ikkje må godkjennast planar som aukar den samla belastninga ytterlegare.

Uttalen til NVR vil derfor innehalde desse hovudpunkta:

- Verneområdestyret for SVR vil rå frå at det blir gitt konsesjon til opprusting- og utviding av Røldal Suldal kraftverk i austre grein. Dette gjeld særleg delane av søknaden som påverkar Holmavassåno biotopvernområde, Kvanndalen landskapsvernområde og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

- Verneområdestyret for SVR vil rå frå at det blir gitt konsesjon til delane av søknaden som omfattar Tverrå-prosjektet, som det er tatt høgde for i to av verneføreskriftene.

- Opprustings- og utvidingstiltaka det er søkt om vil være i strid med verneføremålet for verneområda og ha negativ innverknad på verneverdiane knyt til landskap, fisk og villrein.
  Ei ytterlegare senking av LRV i Holmavatnet vil være skjemmande for landskapet og ta bort mykje av mattilgangen og gytemoglegheitene for fisken. Pumping av vatn frå Kvanndalsfoss til vil føre til svakare is på Holmavatnet. Dette kan medføre at Holmavatnet blir eit vandringshinder for villreinen i eit viktig vinterbeiteområde.

Overføring av Tverrå til Holmavatnet vil ha negativ innverknad på landskapet da ein strekning på 1.5 km vil bli så godt som tørrlagt.

- Tiltaka det er søkt om vil og ha nokre positive innverknadar på verneverdiane. Stabil vasstand i Isvatnet og jamnare vassføring i øvre dal av Tverrå vil være positivt for landskap og fisk. Opphøyr av vintertapping av Holmavassåno vil være positivt for villreinen, da den vinteropne elva utgjer eit vandringshinder.
  Dei positive innverknadane på verneverdiane blir vurdert til å være langt mindre enn dei negative.

- Den samla belastninga på verneområda og villreinen er allereie svært høg. Dette gjeld særleg inngrep frå kraftutbygging. Villreinområde er klassifisert som «ikkje godkjent» og villreinstamma slit. Det må derfor ikkje godkjennast tiltak som vil auke den samla belastninga ytterlegare.

- Delar av konsekvensane for verneverdiane er ikkje godt nok kartlagt. Dette gjeld særleg innverknaden på isen på Holmavatnet og ein hubrolokalitet. NVE må pålegge Lyse Kraft å gjennomføre desse kartleggingane så fort som råd.

Uttale frå Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Uttalen gjeld Lyse Kraft sin konsesjonssøknad for opprusting og utviding av Røldal Suldal kraftverk. Uttalen vil i hovudsak ta føre seg påverknad av verna areal.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR) har forvaltningsmynde for Holmavassåno biotopvernområde, Kvanndalen landskapsvernområde og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, som blir påverka av tiltaka i samband med utbygginga av austre grein i Lyse kraft sin konsesjonssøknad.

Verneområdestyret for SVR vil rå frå at det blir gitt konsesjon til delane av søknaden som påverkar dei nemnte verneområda. Dette grunngjevast med at tiltaka det er søkt om vil være i strid med verneføremålet for verneområda og ha negativ innverknad på verneverdiane knyt til landskap, fisk og villrein. Tiltaka det er søkt om vil og ha nokre positive innverknadar på dei same verneverdiane, men dei positive innverknadane blir vurdert til å være langt mindre enn dei negative.

Verneområdestyret har i styresak 33/24, med same grunngjeving, avslått Lyse Kraft sin søknad om dispensasjon til tiltak i verna areal. Det er såleis ikkje grunnlag for å kunne gje konsesjon for denne delen av Lyse Kraft sin søknad.

Verneføreskriftene for Kvanndalen landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde inneheld ei formulering om at vernereglane ikkje er til hinder for gjennomføring av Tverrå-prosjektet i henhold til konsesjon. Verneområdestyret handsama derfor ikkje tiltaka som inngår i Tverrå-prosjektet, da dei handsama dispensasjonssøknaden frå Lyse Kraft. Verneområdestyret vil tilrå at det heller ikkje blir gitt konsesjon til denne delen av søknaden. Gjennomføring av Tverråprosjektet vil ha stor negativ innverknad på verneverdiane, og kunnskapen om skadeverknadane er nå langt meir omfattande enn når Tverrå-prosjektet vart tatt inn i Samla Plan på 1980-talet.

Bakgrunn

Søknaden

Viser til Lyse Kraft sin konsesjonssøknad med vedlegg, som Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE) la ut på høyring 26.04.2024.

Lyse Kraft søker om dispensasjon til opprusting- og utvidingstiltak i samband med dei eksisterande Røldal-Suldal reguleringane. Utbyggingsplanane omfattar ei vestre grein som i hovudsak omfattar Ullensvang kommune, og ei austre grein som omfattar Suldal, Bykle og Vinje kommunar. Det er den austre greina som omfattar verna areal.

I den austre greina av prosjektet leggast det opp til ein kraftstasjon med pumpekapasitet (Kvandalsfoss) og to nye ordinære kraftstasjonar (Nordmork og Suldal 2B). Desse tre har ein samla installert effekt på 280 MW.



Nye og eksisterande vassvegar og kraftstasjonar i austre grein. Grøn farge - eksisterande anlegg. Blå og oransje farge – nye anlegg.

Den sørlege halvdelen av Holmavatnet inngår i Holmavassåno biotopvernområde. Holmavatnet har eit samla areal på 10.77 km^2, og om lag 5 km^2 eller 45% inngår i biotopvernområde. Ein liten del i søraust inngår i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Denne har eit areal på om lag 0.1 km^2 og utgjer 0.009% av det samla vassarealet. Den nordaustre halvdelen av vatnet ligg i Vinje kommune i Telemark og er ikkje verna. Elles ligg heile Holmavassåno og om lag 20% av Sandvatnet i Holmavassåno biotopvernområde. Isvatnet og nesten heile Tverrå ligg i Kvanndalen landskapsvernområde.

Det blir søkt om desse tiltaka i verna areal:

Kvanndalen landskapsvernområde	Overføring av Tverrå til Holmavatnet ved kote 1063.
	Vil medføre bygging av bekkeinntak og tørrlegging av ein elvestrekning på 1.5 km
	Stabil vasstand i Isvatnet på kote 1294 i staden for dagens regulering mellom kote 1285 og 1295.
	Opphør av vintertapping av Isvatnet.
	Vil medføre jamnare vassføring i Tverrå og redusert erosjon i Litlevassbotn.
Holmavassåno biotopvernområde	Ytterlegare senking av LRV i Holmavatnet med 5 m.
	Vil medføre periodevis tørrlegging av nye areal og ha negativ innverknad på fisk og botndyr
	Pumping av vatn frå Kvanndalsfoss til Holmavatnet.
	Vil medføre meir usikre istilhøve på Holmavatnet som kan bli eit nytt vandringshinder for villreinen.

	Bygging av eit mindre lukehus i fjell.
	Opphøyr av vintertapping i Holmavassåno.
	Vil ta bort eit vandringshinder for villreinen.
SVR landskapsvernområde	Ytterlegare senking av LRV i Holmavatnet med 5 m. Omfatter eit lite areal på om lag 0.1 km^2.
	Vil medføre periodevis tørrlegging av nye areal og ha negativ innverknad på fisk og botndyr.

Verneområda



Kart over verna areal. Landskapsvernområda Kvanndalen, Dyraheio og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane er markert med grøn fare, mens biotopvernområde Holmavassåno er markert med lilla farge.

Kvanndalen landskapsvernområde med biotopvern har eit areal på 84 km^2, og vart oppretta ved kongeleg resolusjon 26.09.1997. Isvatnet og nesten heile Tverrå ligg i Kvanndalen landskapsvernområde. Føremålet med landskapsvernet er: *« … å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsområde og beitelandskap, eldre og nyare kulturminne etter støling, heibeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa".*

Tiltak i samband med kraftutbygging i Kvanndalen landskapsvernområde blir regulert av verneforskrifta kapittel IV, punkt 1.1, bokstav a. Her heiter det at det ikkje må gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverke på landskapet sin art eller karakter, kor *"bygningar, anlegg, faste installasjonar og vasstandsreguleringar"* er særskilt nemnt. Vidare heitar det i kapittel V at reglane i kapittel IV ikkje er til hinder for *«gjennomføring av Tverrå-prosjektet i henhold til konsesjonen».*

Holmavassåno biotopvernområde har eit areal på 23 km^2, og vart oppretta ved kongeleg resolusjon 26.09.1997. Den sørlege halvdelen av det 10.77 km^2 store Holmavatnet og litt av

Tverrå inngår i Holmavassåno biotopvernområde. Det gjer og Holmavassåno i heile sin lengde og om lag 1/5 av Sandvatnet. Føremålet med biotopvernet er: *«…. å sikre viktige trekkvegar for villreinen i fjellområdet mellom Kvanndalen landskapsvernområde og Dyraheio landskapsvernområde»*.

Tiltak i samband med kraftutbygging i Holmavassåno biotopvernområde blir regulert av verneforskrifta kapittel IV, punkt 1, kor det heiter at det ikkje må iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva, gjera villreinen sitt livsmiljø ringare eller hindre villreinen i å trekkje gjennom området, *"bygningar, anlegg, faste installasjonar og vasstandsreguleringar"* er særskilt nemnt. Vidare heitar det i kapittel V, punkt 3 at reglane i kapittel IV ikkje er til hinder for *«gjennomføring av Tverrå-prosjektet i henhold til konsesjonen».*

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde har eit areal på 2323 km^2 , og vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Ein mindre del av Holmavatnet på om lag 0.1 km^2 inngår i verneområde. Formålet med vernet er:

1. *Å ta vare på et samanhengande, særpreget og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområder med et særpreget plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.*
2. *Å ta vare på et samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstammen i Europa.*

Tiltak i samband med kraftutbygging i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde blir regulert av verneforskrifta kapittel IV, punkt 1.1. Her heiter det at det ikkje må gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverke på landskapet sin art eller karakter, kor *" vasskraftregulering"* er særskilt nemnt.

I verneføreskriftene for Kvanndalen og Holmavassåno heiter det at vernereglane ikkje er til hinder for gjennomføring av Tverrå-prosjektet i henhold til konsesjon. Denne formuleringa viser til eit Samla Plan prosjekt frå 1984 som var tenkt å utnytte fallet mellom Holmavatnet og Sandvatnet. Prosjektet omfatta mellom anna; overføring av Tverrå til Holmavatnet, ytterlegare senking av LRV i Holmavatnet med 2 m, bygging av kraftstasjon nordvest i Sandvatnet, samt anleggsvegar langs vestbreidda av Sandvatnet og sørbreidda av Holmavatnet.

Verneområdestyret har derfor lagt til grunn at delane av Lyse Kraft sin søknad som omfattar overføring av Tverrå til Holmavatnet og senking av LRV i Holmavatnet med 2 m, ikkje skal handsamast av verneområdestyret etter verneføreskriftene, men vil inngå i Energidepartementet sin handsaming av konsesjonssøknaden.

Samla belastning

Samla belastning for Setesdal Ryfylke villreinområde

Verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane er frå før sterkt prega av kraftutbygging. Kor store utbyggingar som Røldal-Suldal, Øvre Otra, Ulla-Førre, Lyse og Sira-Kvina har stor negativ innverknad på verneverdiane, og særleg verdiane knytt til landskap og villrein.

Verneområda utgjer kjernen og om lag halvparten av arealet av Setesdal Ryfylke villreinområde. Dette er det villreinområde i landet som er desidert hardast påverka av vasskraftutbygging målt i til dømes neddemt areal (336 km^2) ,anleggsvegar (om lag 200 km) og kraftlinjer (506 km). Tilsyn, drift, vedlikehald og utviding av dei mange kraftanlegga

genererer og massiv forstyrring. I tillegg kjem mellom anna belastning av ferdsel ut frå store hytteområde, ferdsel etter turistforeininganes hytte- og løypenett og verksemd i samband med slepp, tilsyn, sanking og beiting av om lag 60.000 sau.

Konsekvensane er mellom anna at villreinstamma er delt i to ved Blåsjø, og at store beiteareal i sør og vest knapt blir brukt av villreinen. Rapporten frå klassifiseringa etter kvalitetsnormen viser til fulle konsekvensane av den samla belastninga. Villreinområde vart klassifisert til *«ikkje godkjent»* og det var særleg delnorm *«funksjonelle trekkpassasjar»* som var utslagsgjevande. Når trekkpassasjane ikkje lenger fungerer blir store areal utilgjengeleg for villreinen.

Dei siste åra har det og komme fleire indikasjonar på at den store samla belastinga byrjar å få konsekvensar for sjølve villreinstamma. I 2024 var stamma sør for Blåsjø freda for jakt fordi teljingar vist eit uforklarleg lågt tal på dyr. Dei siste tre åra har og kalveproduksjonen hatt ein nedgåande tendens, samtidig som slaktevektene på simlekalv og har gått nedover. At dyra blir mindre samstundes som dei blir færre er svært illevarslande. Ein veit ennå ikkje om dette er ei utvikling som vil halde fram eller kva som er årsaka, men dette er uansett ikkje ein situasjon der det skal leggast opp til tiltak som aukar den samla belastninga ytterlegare.

Både gjennom medieoppslag og møter, er verneområdestyret kjent med at fleire av kraftselskapa planlegg pumpekraftprosjekt i fleire av dei eksisterande magasina i villreinområde. Når ein ikkje kjenner detaljane er det vanskeleg å avgjere om planane vil omfatte verna areal eller i kor stor grad istilhøva på magasina vil bli påverka. Aktuelle magasin kan være Blåsjø. Svartevassmagasinet, Rosskreppfjorden Store Urevatn og Vatndalsvatnet. Villreinen brukar isen på alle desse magasina i større eller mindre grad, og særleg ei svekking av isen på Store Urevatn og Rosskreppfjorden vil være negativt for villreinen. Avveginga av villreininteressene opp mot kraftproduksjon i Lyse Kraft sin dispensasjonssøknad vil derfor kunne få vidtrekkande presedensverknader.

Kunnskapsgrunnlaget

Det ligg føre eit omfattande kunnskapsgrunnlag. Mykje kunnskap om naturmangfaldet i området kan hentast frå Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no), samt tilsvarande informasjon i Temakart Rogaland. Ei viktig kunnskapskjelde er og Norconsult sine konsekvensutgreiingar (KU) og fagrapportar for relevante tema som landskap, hydrologi, fisk og naturmangfald.

Kunnskap om villreinens bruk av område er mellom anna å finne i GPS-data frå www.dyreposisjoner.no og rapporten frå klassifiseringa av Setesdal Ryfylke villreinområde etter kvalitetsnormen (NINA-rapport 2126). Viktig dokumentasjon ligg og føre gjennom Norconsult sin KU, fagrapport og tilleggsrapport for temaet villrein, samt SVR-notata Villrein og ferdsel i Holmavassåno biotopvernområde (SVR-notat 1-2020) og GPS-merka villrein ved Holmavatnet og Holmavassåno (SVR-notat 1-2024).

Kunnskap om friluftslivet kan hentast frå Norconsult sin KU og fagrapport for temaet, samt SVR-notat 1-2020. Kunnskap om kulturminne i området finn ein i Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no) og Norconsult sin KU og fagrapport for temaet.

Lokalkunnskapen er ivaretatt gjennom samtaler og uttaler frå grunneigarane rundt Holmavatnet. Verneområdeforvaltar har og omfattande lokalkunnskap frå område.

Manglar i kunnskapsgrunnlaget

Sjølv om Lyse Kraft har lagt fram omfattande konsekvensutgreiingar og fleire fagrapportar, er det framleis ein del viktige manglar ved kunnskapsgrunnlaget. Det manglar sikker kunnskap om korleis isen på Holmavatnet vil bli påverka av auka reguleringshøgde og pumping frå

Kvanndalsfoss. Korleis isen i Naustdalsbukta vil bli påverka av tunellinntak/utløp er ikkje omtala i det heile. Konsekvensane for villrein og friluftsliv om isen på Holmavatnet ikkje blir farbar er heller ikkje tilstrekkeleg utgreia. Det er i tillegg registrert ein mogleg hekkeplass for hubro. Det er ikkje skikkeleg utgreidd om dette er ein fast hekkelokalitet eller kva for konsekvensar ei utbygging vil ha for denne.

Samla belastning - Eksisterande tilstand og inngrep i verneområda

Landskap og naturmangfald

Området som søknaden omfattar ligg i eit storkupert og ope fjellandskap i høgdelaget mellom 950 og 1300 moh. Det er ein del førekomstar av den næringsrike bergarten fylitt slik at vegetasjonen stadvis er frodig. Viktige element i landskapet er dei to vassdraga Tverrå og Holmavassåno, samt fleire relativt store vatn som Holmavatnet, Sandvatnet, Litlavatnet og Isvatnet. Holmavatnet er det største med eit areal på 10.77 km^2.

Områda ved Sandvatnet og Holmavatnet er sterkt påverka av Røldal-Suldal reguleringa. Holmavatnet har ei reguleringshøgde på 10 m, og det ligg seks større og mindre demningar og ei kraftverkshytte rundt vatnet. Det går ein anleggsveg opp til Holmavatnet, og to store kraftlinjer på 300 og 420 KV går gjennom område. Sandvatnet har ei reguleringshøgde på 26 m, og det er to store demningar og ei kraftverkhytte ved vatnet. Det går og ein anleggsveg langs heile sør og austsida av vatnet. Isvatnet og Djupatjørna er og prega av kraftutbygginga. Isvatnet drenerte opphavleg mot Kvanndalen, men er nå snudd og renn ut Tverrå. Isvatnet har og ei reguleringshøgde på 10 m. Ved Djupetjørna er det ein utløpstunell for vatnet frå Isvatnet, ein tipp og ei kraftverkshytte. Vassføringa i Tverrå og Holmavassåno er og sterkt prega av kraftutbygginga. Tverrå har auka vassføring på grunn av at Isvatnet er tilført nedbørsfeltet. Dette gjeld særleg ein to månadars periode om vinteren når Isvatnet vintertappast. Denne tappinga har medført erosjonsskadar ved innløpet til Litlavatnet. Holmavassåno har redusert vassføring om sommaren og auka vassføring om vinteren. Det auka vassføringa om vinteren gjer at elva blir gåande open og skapar eit vandringshinder for villreinen.

Alle dei tre reguleringsmagasina Holmavatnet, Sandvatnet og Isvatnet er islagt om vinteren, og islegginga skjer når magasina er relativt fulle. Isen på Holmavatnet legg seg normalt rundt 1. desember, mens islegginga er noko seinare på Sandvatnet og noko tidlegare på Isvatnet. Når det tappast vatn frå magasina gjennom vinteren vil isen senke seg med vasstanden, og det vil oppstå sprekkar i reguleringssona. Sprekkdanninga vil være mest omfattande der reguleringshøgda er stor og terrenget er bratt. Det er derfor mest sprekkdanning i Sandvatnet, mens særleg Holmavatnet som har mindre reguleringshøgde og slakare breidder, er mindre utsett. Uansett har alle tre magasina relativt trygg is og ar farbare for både folk og dyr store deler av vinteren.

Det er og delar av område som verker urørt av kraftutbygginga. Til dømes er heile Tverrå frå innløpet til Sandvatn og opp til Djupetjørna nesten utan tekniske inngrep.

Tverrå der turistløypa kryssar elva ved Naustdalen. Foto: SVR 05.09.2024.

Fleire av vatna i område er svært gode fiskevatn, I Holmavatnet drivast det og næringsfiske. Ein viktig årsak til dette er førekomsten av skjoldkreps, vårfluelarver og linsekreps som er viktige næringskjelder for auren. For å kompensere for reduserte gytetilhøve blir det kvart å sett ut 1800 fisk i Holmavatnet og 150 i Isvatnet. I Holmavatnet er det nå dokumentert ein betydeleg sjølvrekruttering slik at utsettingane kan avsluttast heilt eller reduserast kraftig

Friluftsliv

Stavanger turistforeining si hytte Holmavasshytta ligg på vestsida av vatnet med løyper nordover til Haukeliseter og sørover til Sandvatnet og vidare til Bleskestadmoen. Det går og ei umerka løype til Sloaros langs sørsida av Holmavatnet. Om vinteren går den kvista løypa sørover til Bleskestadmoen over isen på Holmavatnet før den går ned langs Holmavassåno og vidare over isen på Sandvatnet. Kvista løypa austover til Sloaros, og vidare til Hovden, går midt over isen av Holmavatnet. Holmavasshytta har om lag 800 overnattingar kvart år, fordelt på 300 om vinteren og 500 om sommaren. På seinvinteren er det og ein del skiløparar som går strekninga Haukeliseter-Hovden som dagstur.

Det er og ein del ferdsel i område knyt til fiske, småviltjakt og villreinjakt, samt i samband med slepp, tilsyn og sanking av sau.

Anleggsvegen til Holmavatnet hadde i 2019, 330 passeringar av køyretøy. Om lag 80% av denne ferdsla var i samband med jakt og fiske. I tillegg kjem noko ferdsel på vegen med sykkel eller til fots.

Ut frå desse tala kan ein estimere at dei ulike stisegmenta rundt Holmavatnet til saman har om lag 2000 passeringar i barmarkssesongen, mens dei ulike kvista løypene til saman har om lag 1000 passeringar om vinteren.



Sommar- og vinterløyper til og frå Holmavasshytta. Blå strek viser kvista vinterløyper, men raud strek viser merka sommarløyper.

Villrein

Kunnskapen om villreinens bruk av områda ved Holmavatnet baserer seg på GPS-data, ulike fagrapportar og opplysningar frå lokalkjente som grunneigarar og andre brukarar av område. Verneområdeforvaltar kjenner og område godt. Når det gjeld bruken av GPS-data er det viktig å være klar over at berre ein liten del av villreinbestanden har gått med sendar. Om ein tek utgangspunkt i 1000 vinterdyr i nordområdet er det under 1% som har vore merka. Ein kan likevel gå ut frå at GPS-data gir eit rimeleg representativt bilete av villreinens arealbruk, da dei merka dyra ofte inngår i større eller mindre flokkar. Ein må og være merksam på at GPS-data frå tidsrommet 2006-2024 berre gir eit augneblikksbilete av villreinens bruk av område. Villreinens arealbruk er syklisk og føretrekte vinterbeiteområde kan endre seg over tid. Som Norconsult påpeikar vil det i tillegg være usikkerheit knyt til at ein berre har GPS-posisjonen for kvar tredje time. Dermed kan ein få ein situasjon der dyr som ser ut til å ha vore ute på isen i verkelegheita berre har vore inne på land. Dette er heilt rett, men det må og føyast til at det motsette kan være tilfellet. Nokon gonger vil og dyr som ser ut til å berre ha vore på land, kan ha vore ute på isen.

Områda frå Holmavatnet og nord og austover mot Bjåen og Hovden utgjer det viktigaste vinterbeiteområde for villreinstamma i den nordre halvdelen av Setesdal Ryfylke villreinområde. Både GPS-plott og feltobservasjonar viser at Gravetjørnnuten på sørvestsida av Holmavatnet og områda på nordaustsida av vatnet blir særleg mykje brukt til vinterbeite.



GPS-plott for perioden 1. desember – 31. mai for åra 2006-2024. Kartet er henta frå Agder fylkeskommunes innsynsløysing:
https://agderfk.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=90e4788700b841bca7d41c0b853252e5

Den høge bruken av desse områda skuldast at vegetasjonen er relativt rik og har markerte innslag av lav. Desse områda inneheld og mange mindre kollar og knausar kor snøen bles bort og gjer maten lettare tilgjengeleg for villreinen. Det same gjeld for dei mange holmane ute i Holmavatnet. At Gravetjørnnuten og områda ved Dyrskarnuten har dei beste vinterbeita kjem og tydeleg fram av NINAs kart over vinterhabitata rundt Holmavatnet.



Kart over kvaliteten på vinterbeite rundt Holmavatnet. Mørk grønfarge viser dei beste beita. Kartet er henta frå NINA sin nettstad Wild reindeer Maps.
https://bramvanmoorter.users.earthengine.app/view/renewablereindeergis

Både Norconsult sin tilleggsrapport, verneområdeforvaltar sitt notat og opplysningar frå lokalkjente, viser at villreinen brukar isen på Holmavatnet. Bruken av isen kan delast inn i tre hovudkategoriar; korte iskryssingar av bukter og viker, iskryssingar til holmar og iskryssingar av heile vatnet (ofte via holmar). Både Norconsultrapporten og SVR-notatet viser at 28 GPS-merka dyr har vært ute på isen den aktuelle perioden. Dei to rapportane presenterer resultata på litt ulik måte og er derfor ikkje direkte samanliknbare, men begge visar at villreinen brukar dei sentrale delane av Holmavatnet til beiteområde og trekkveg. Hos Norconsult dreiar det seg om 14 dyr eller 44% av dei som bruka referanseområde på land, mens det hos SVR er snakk om 21 dyr eller 47% av dyra i referanseområde. Med tanke på at berre ein liten del av stamma har vore GPS-merka, så viser desse tala at det i verkelegheita er svært mange dyr som brukar isen på Holmavatnet.



Alle registrerte bevegelser på og ved Holmavatnet i vintermånadene i perioden 2007-2024. Kjelde: Norconsult – RSK Revisjon og OU – tilleggsdokumentasjon.

Kartet frå Norconsultrapporten over viser tydeleg omfanget av trekkaktiviteten over isen på Holmavatnet. Norconsult gjer likevel eit poeng av at det er høgare bruksfrekvens rundt Holmavatnet enn ute på isen. Eit anna funn ville vore oppsiktsvekkande når beiteområda i hovudsak er å finne inne på land. På kartet ser ein da og veldig tydeleg at dyra går mykje fram og tilbake langs nordaustsida av vatnet. Dette betyr likevel ikkje at dyra i hovudsak går rundt vatnet for å komme seg mellom dei beste beiteområda på nordaustsida og sørvestsida, slik som Norconsult påstår. I verkelegheita er det stikk motsett. Basert på GPS-data frå www.dyreposisjoner.no er det dokumentert 25 sikre iskryssingar tvers over heile Holmavatnet. Av desse er det heile 19 som går mellom Gravetjørnnuten og nordaustsida, 3 som kryssar vatnet lenger aust og 3 som kryssar vatnet på langs. Når det gjeld dyr som har gått på land mellom nordaustsida og Gravtjørnnuten eller Naustdalen, er talet 12. I tillegg er det 4 tilfelle kor det er vanskeleg å vurdere sikkert om dyra har gått på isen eller på land. Av dyra som har gått på land er det 9 som har gått på nordvestsida og 3 som har gått på søraustsida.



Skjematisk framstilling av korleis GPS-merka villrein har forflytta seg mellom dei beste beiteområda ved Holmavatnet. Raude piler viser trekk over isen. Blå piler viser trekk på land på nordvestsida. Gule piler viser trekk på land på søraustsida. Tala på kartet viser kor mange GPS-merka dyr som har brukt dei ulike trekkvegane.

Etter kraftutbygginga på 1960-talet har Holmavassåno gått open store deler av vinteren, og har utgjort eit vandringshinder for villreinen. Både ope vatn og stadvis bratte snøkantar langs breidda, gjer at villreinen ikkje vil krysse. For perioden 2006-2024 er da og berre registrert 4 kryssingar av GPS-merka dyr.

SVR-notat 1-2024 er det gjennomført ein nærstudie av kvart einskild GPS-merka dyr som har opphaldt seg nær Holmavassåno vinterstid for åra mellom 2006 og 2024. Her blir det registrert at 9 GPS-merka dyr til saman har hatt 18 avbrotne kryssingsforsøk av Holmavassåno. På bakgrunn av dei gode vinterbeiteressursane i Gravetjørnnuten og dei dårlege vinterbeiteressursane i eit stort område på søraustsida av Holmavassåno. Blir det konkludert med at den vinteropne Holmavassåno er eit vandringshinder med avgrensa betydning for villreinens moglegheit til å utnytte vinterbeita rundt Holmavatnet.

Under verneområdestyret si synfaring kom det fram ein tydeleg ueinigheit mellom verneområdeforvaltar og Norconsult om årsaka til opphopinga av GPS-merka dyr i Gravetjørnnuten. På bakgrunn av lokalkunnskap og NINAs kart over vinterbeita meiner verneområdeforvaltar at denne diskusjonen kan leggast bort. Det er ein opphoping av GPS-merka dyr i Gravetjørnnuten og på nordaustsida av Holmavatnet, akkurat der kor NINAs kart viser at villreinen finn dei beste vinterbeita. Søraustsida av Holmavassåno er den staden ved Holmavatnet kor det er færrast plott frå GPS-merka dyr, samstundes som habitatkartet viser at dette området har dei dårlegaste vinterbeiteressursane i heile Holmavatnområde.

At det er relativt få GPS-merka dyr som har forsøkt å krysse Holmavassåno skuldast derfor heilt enkelt at dei har god grunn til å halde seg i Gravetjørnnuten og lite å hente på andre sida av Holmavassåno. Det må og føyast til at Holmavassåno går vinteropen over ei

strekning på 2.8 km. Som GPS-plotta og viser, kan dyra relativt enkelt komme seg til og frå Gravetjørnnuten over isen Holmavatnet eller Sandvatnet.

Samla belastning – Konsekvensar for verneområda

Landskap og naturmangfald

At Isvatnet får ein stabil vasstand på kote 1294 er positivt for verneverdiane knyt til landskap og naturmangfald. Utan ei synleg reguleringssone vil landskapsrommet framstå som nærast urørt, og levetilhøva for planter, botndyr og fisk vil bli forbetra. Bortfall av vintertappinga vil og være positiv. Det vil ikkje oppstå nye erosjonsskader i Litlevassbotn, og istilhøva vil bli betre både på sjølve Isvatnet og over Tverrå mellom Djupetjørna og Litlavatnet. Dette området har marginal bruk av både folk og villrein om vinteren, men tiltaket vil uansett være positivt. Dette tiltaket er og eit krav frå Suldal kommune til vilkårsrevisjonen for Røldal-Suldal reguleringane.

At Tverrå overførast til Holmavatnet ved kvote 1063 vil være negativt for verneverdiane knyt landskapet. Sjølv om det er rekna med ei restvassføring på 100 l/sek vil elveleiet framstå som nesten tørt over ein strekning på om lag 1.5 km. Tverrå går skjult store deler av denne strekninga, men der kor Tverrå møter Naustdalen opnar landskapet seg. Her har ein eit variert og svært vakkert landskapsrom kor Tverrå er eit heilt sentralt element. Ei nærast tørrlagt elv vil redusere verdien av dette landskapsrommet vesentleg. Dette inngrepet blir særleg eksponert ettersom turistløypa mellom Holmavasshytta og Bleskestadmoen kryssar Tverrå på denne staden. Det er og negativt for verneverdiane at livsmiljøet for vasslevande plantar og organismar blir sterkt forringa. Det må og byggast eit bekkeinntak i Tverrå, men landskapsverknaden av anlegget kan dempast om det leggast nedstrøms den nedste lona i Tverrå.

Ved ei vurdering av Tverrå-prosjektet må det leggast til grunn eit oppdatert kunnskapsgrunnlag. Kunnskapen om skadeverknader og samla belastning er eit heilt anna enn når Tverrå-prosjektet vart vurdert i Samla Plan.

Ei senking av LRV i Holmavatnet med ytterlegare 5 m vil være svært negativt for verneverdiane knyt til landskap og naturmangfald. Nye areal på 1.07 km^2 vil bli tørrlagt i deler av året, og ein vil få ei større og meir synleg reguleringssone.



Eksisterande og ny reguleringssone i Holmavatnet

Om vinteren vil auke reguleringshøgde medføre oppsprukken is på nye stader og over eit større areal. Ei ny senking av LRV vil ha store negative konsekvensar for fisken i Holmavatnet. Særleg kritisk er det at både tilgangen til gytebekkane og tilgangen på mat vil bli sterkt redusert. Ei reguleringshøgde på 15 m er meir enn det viktige artar som skjoldkreps og vårfluelarver kan tole. Utbygginga vil derfor føre til at ein sjølvrekrutterande aurebestand av god kvalitet blir erstatta av ein bestand under middels kvalitet som er avhengig av utsettingar for å overleve.

Pumping av vatn frå Kvanndalsfoss vil ha ei rekke negative konsekvensar for Holmavatnet. Hyppigare endringar i vasstanden vil gje dårlegare levetilhøve for vassplantar og organismar som lever i strandsona. Om vinteren vil denne pumpinga føre til dårlegare is. Når det pumpast vatn til Holmavatnet etter at isen har lagt seg vil isdekket heve seg med den stigande vasstanden. Isen vil da lausne frå land og det vil oppstå ei sone utan is eller med svak is rundt heile reguleringssona. Av søknaden går det fram at den installerte pumpekapasiteten vil kunne auke vasstanden i Holmavatnet med 25 cm i døgnet. Kor lenge og kor ofte det vil bli pumpa vil avhenge av mellom anna avrenninga til Kvanndalsfoss og prisane i kraftmarknaden. Ein må derfor rekne med at det vil bli fleire situasjonar med pumping kvar vinter, og at ein vil få ei permanent sone med svak is rundt både heile Holmavatnet og alle holmane ute i vatnet. Dette kan medføre at isen på Holmavatnet ikkje blir farbar for verken folk eller dyr store deler av vinteren.

I områda ved tunellinntaket/utløpet i Naustdalsbukta må ein rekne med at isen blir særleg dårleg.

Friluftsliv

For friluftslivet vil svakare is på Holmavatnet kunne få store negative konsekvensar. Det er høgst usikkert om dei kvista løypene over vatnet kan oppretthaldast i ein framtidig situasjon med ustabile istilhøve. Av tryggleiksomsyn vil det neppe kunne leggast til rette for ferdsel på eit magasin der isen er usikker og tilhøva kan endre seg raskt. Om dei kvista løypene må leggast på land vil dette medføre auka forstyrring av villreinen i eit svært viktig vinterbeiteområde. Det er derfor godt mogleg at dei kvista løypene til Holmavasshytta frå sør og aust må leggast ned.

Dårlegare fiske i Holmavatnet vil og være negativt for friluftsinteressene.

Villrein

Ein framtidig situasjon med ei senking av LRV i Holmavatnet med ytterlegare 5 m og pumping av vatn frå Kvanndalsfoss, vil ha svært store negative konsekvensar for villreinen. Ein manglar sikker kunnskap om korleis isen på Holmavatnet vil bli, men både Norconsult sin KU og det som finn av litteratur på temaet, slår fast at isen vil bli svakare i ei sone langs land. Usikkerheita om istilhøve blir ennå større når ein ikkje veit kor mykje, kor ofte eller i kor lange periodar det vil bli pumpa vatn frå Kvanndalsfoss. Det er uansett fare for at isen på Holmavatnet blir så dårleg at villreinen ikkje vil bruke den, og at heile Holmavatnet blir eit nytt vandringshinder i det beste vinterbeiteområde. Basert på GPS-data er det om lag ein fjerdedel av villreinen i nordområde som brukar isen på Holmavatnet. Og om lag halvparten av desse igjen brukar isen til å trekke over heile vatnet eller for å beite på dei mange holmane.

Det kan være lett å stille spørsmål om kor kritisk eit nytt vandringshinder eigentleg er i eit så stort villreinområde. Her må det leggast til grunn at Setesdal Ryfylke allereie er det villreinområde i landet som er desidert hardast påverka av vasskraftutbygging målt i til dømes km^2 neddemt areal, kilometer anleggsveg og kilometer kraftlinjer. I tillegg kjem omfattande forstyrring frå ulike former for ferdsel.

Om Lyse Kraft får nytte Holmavatnet slik dei har søkt om, vil det bli slutt på dagens vintertapping i Holmavassåno. Dette vil være positivt for villreinen da vandringshinderet den vinteropne elva skapar vil bli borte. I SVR-notat 1-2024 er det vist til 18 avbrotne kryssingsforsøk av Holmavassåno i tidsrommet 2006-2024. Dei fleste av desse gjeld dyr som vil søraustover frå Gravetjørnnuten. Om dyra lett kan krysse Holmavassåno vil dette være positivt, og gjere at dyra fritt kan trekke der dei vil i vinterbeiteområda rundt Holmavatnet. Her må det gjentakast at hovudårsaka til at det er relativt få kryssingsforsøk ligg i at beitetilhøva i Gravetjørnnuten er klart betre enn på andre sida av åno, og at dyra derfor har avgrensa grad har behov for å krysse.

Uansett betydning er Holmavassåno eit vandringshinder. Suldal kommune har derfor i vilkårsrevisjonen sett fram krav om bygging av ein eller fleire tersklar som skal lette villreinens trekk over Holmavassåno.

Oppsummering

- Verneområdestyret for SVR vil rå frå at det blir gitt konsesjon til opprusting- og utviding av Røldal Suldal kraftverk i austre grein. Dette gjeld særleg delane av søknaden som påverkar Holmavassåno biotopvernområde, Kvanndalen landskapsvernområde og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

- Verneområdestyret for SVR vil rå frå at det blir gitt konsesjon til delane som omfattar Tverrå-prosjektet, som det er tatt høgde for i to av verneføreskriftene.

- Opprustings- og utvidingstiltaka det er søkt om vil være i strid med verneføremålet for verneområda og ha negativ innverknad på verneverdiane knyt til landskap, fisk og villrein.
  Ei ytterlegare senking av LRV i Holmavatnet vil være skjemmande for landskapet og ta bort mykje av mattilgangen og gytemoglegheitene for fisken. Pumping av vatn frå Kvanndalsfoss til vil føre til svakare is og meir overvatn på Holmavatnet. Dette kan medføre at Holmavatnet blir eit vandringshinder for villreinen i eit viktig vinterbeiteområde.
  Overføring av Tverrå til Holmavatnet vil ha negativ innverknad på landskapet da ein strekning på 1.5 km vil bli så godt som tørrlagt.

- Tiltaka det er søkt om vil og ha nokre positive innverknadar på verneverdiane. Stabil vasstand i Isvatnet og jamnare vassføring i øvre dal av Tverrå vil være positivt for landskap og fisk. Opphøyr av vintertapping av Holmavassåno vil være positivt for villreinen, da den vinteropne elva utgjer eit vandringshinder.
  Dei positive innverknadane på verneverdiane blir vurdert til å være langt mindre enn dei negative.

- Den samla belastninga på verneområda og villreinen er allereie svært høg. Dette gjeld særleg inngrep frå kraftutbygging. Villreinområde er klassifisert som «ikkje godkjent» og villreinstamma slit. Det må derfor ikkje godkjennast tiltak som vil auke den samla belastninga ytterlegare.

- Delar av konsekvensane for verneverdiane er ikkje godt nok kartlagt. Dette gjeld særleg innverknaden på isen på Holmavatnet og ein hubrolokalitet. NVE må pålegge Lyse Kraft å gjennomføre desse kartleggingane så fort som råd.

Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2024/4964 **Saksbehandlar:** Alf Odden **Dato:** 16.10.2024

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	35/24	23.10.2024

Uttale til Lyse Kraft sitt revisjonsdokument for Røldal Suldal kraftverk

Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret godkjenner uttalen. Uttalen sendes til Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE) innan høyringsfristen 01.11.2024.

Fram til uttalen blir send, får verneområdeforvaltar fullmakt til å gjere mindre endringar i uttalen i samråd med styreleiar.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Viser til Lyse Kraft sitt revisjonsdokument med vedlegg, som NVE la ut på høyring 26.04.2024. Viser og til verneområdeforvaltar sitt saksframlegg til Lyse Kraft sin dispensasjonssøknad og konsesjonssøknad.

Alle dokument i saka, inkludert uttaler frå andre partar kan lesast her:
https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=9236&type=V-1

For å førebu ein forventa vilkårsrevisjon sette Hydro i 2018, i samarbeid med Ullensvang (den gong Odda kommune) og Suldal kommunar, i gang utgreiingar for å etablere eit kunnskapsgrunnlag knytt til vasskraftdrifta ved Røldal Suldal kraftverka (RSK). I brev frå 18.10.2019 fremja Suldal og Ullensvang kommunar krav om revisjon av konsesjonsvilkåra for RSK. NVE opna revisjonssak 17.03.2022. Dette revisjonsdokumentet er ein direkte oppfølging av kravet frå kommunane. I kravet frå kommunane vart det i tillegg bedt om at RSK, samstundes med revisjon av konsesjon, ser på mogleg opprusting og utviding av anlegga.

Rammer for revisjonsprosessen

I 2012 kom Olje- og Energidepartementet (OED) med retningslinjene: *Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer.* Her blir dei overordna rammene for saksgang, prioriteringar og avvegingar i revisjonssaker fastlagt.

I følje retningslinjene vil hovudføremålet med revisjonane være å betre miljøforholda i regulerte vassdrag, men det blir understreka at miljøforbetringane må vegast opp mot kraftproduksjonen som er føremålet med konsesjonen. Føremålet med revisjonane vil og være å modernisere konsesjonsvilkåra.

Det blir understreka at revisjonen berre omfattar vilkåra og ikkje sjølve konsesjonen (som til dømes HRV, LRV og overføringar), og at privatrettslege tilhøve ikkje omfattast av revisjonen. Opprusting og utviding av eksisterande vasskraftanlegg (O/U prosjekt) vil og bli vurdert i revisjonane.

Retningslinjene slår og fast at mange aktuelle krav om avbøtande og kompenserande tiltak vil kunne påleggast konsesjonær gjennom standard naturforvaltningsvilkår, som vil bli innført i alle revisjonssakane. Dette medfører at avvegingane i revisjonssakane i hovudsak vil kunne reduserast til minstevassføring og magasinrestriksjonar. Innføring av standard naturforvaltningsvilkår gjer at relevante fagetatar får moglegheit til å fastsette krav som kan gje miljøforbetringar som ikkje går ut over kraftproduksjonen. Desse standardvilkåra er omfattande og det presiserast frå OED at slike pålegg må vurderast nøye i høve til nytte og kostnad av tiltaka. Det understrekast og at slike pålegg må skje innanfor dei føresetnadene og rammene som ligg i sjølve konsesjonen. Mynde til å fastsette slike pålegg er delegert til Miljødirektoratet når det gjeld anadrom fisk, NVE når det gjeld fysiske tiltak i vassdraga og Statsforvalteren når det gjeld friluftsliv, fisk og andre artar som til dømes villrein.

Andre relevante revisjonsprosessar

Det er for tida pågåande prosessar for tre vilkårsrevisjonar som påverkar verneområda i SVR. I tillegg fastsette Olje- og Energidepartementet (OED) ny konsesjon for Sira-Kvina reguleringane 27.01.2023. For Ulla-Førre og Øvre-Otra reguleringane føreligg revisjonsdokumenta og saka er til behandling i NVE.

Det er og komme fleire signal om at både NVE, og kanskje særleg OED, legg opp til at nærliggande revisjonar vil bli sett i samanheng. Dette er særleg aktuelt for revisjonar som omfattar område med villrein. I fleire vilkårsrevisjonar har kraftselskapa og blitt pålagt å betale ein eingongssum til eit villreinfond for heile villreinområde. I Sira-Kvina revisjonen vart denne summen sett til 13.4 millionar. Dette villreinfondet skal finansiere nødvendige utgreiingar og konkrete avbøtande villreintiltak. Fonda skal forvaltast av ei eigen styringsgruppe bestående av NVE, miljøforvaltninga, regulantane, kommunane og eventuelt andre bidragsytarar. NVE har fått i oppdrag å samarbeide med Miljødirektoratet om å utarbeide utkast til mandat, som skal godkjennast av departementet.

Saksførebuing frå forvaltningssekretariatet

Verneområdeforvaltar har hatt regelmessig kontakt med Suldal kommune og grunneigarar i denne delen av verneområde. Verneområdeforvaltar har og mottatt innspel frå grunneigarane gjennom møte i tilsynsutvalet for verneområda i Suldal.

Da Suldal kommune i brev frå 05.07.2017 ba om innspel til kommunane sitt kravdokument til den kommande revisjonen, leverte SVR 23.10.2017, ein administrativ uttale som inneheldt desse forslaga til desse konkrete avbøtande tiltaka i verna areal:

- Strengare bomregime på anleggsvegen Sandvatnet-Holmavatnet
- Endra manøvrering av Isvatnet
- Etablering av villreintersklar i Holmavassåno

- Sikring av farbar is i Kvanndalsmagasinet
- Utbetring og omlegging av kløvveg langs Kvanndalsmagasinet

Vurdering

I revisjonsdokumentet legg Lyse Kraft opp til å imøtekomme mange av dei framsette krava som omfattar verna areal. Til saman vil desse tiltaka ha ein stor positiv innverknad på verneverdiane. Problemet er berre at Lyse Kraft koplar gjennomføringa av dei avbøtande tiltaka opp til opprustings- og utvidingsprosjekt som har større negative konsekvensar for verneområda enn det dei avbøtande tiltaka kan rette opp.

I uttalen blir det derfor sett fram krav om at Lyse Kraft gjennom vilkårsrevisjonen må bli pålagt å gjennomføre avbøtande tiltak, sjølv om det ikkje blir gitt konsesjon til opprusting- og utviding av Røldal Suldal kraftverk. Hovudføremålet med vilkårsrevisjonane er å betre miljøtilhøva i regulerte vassdrag, og ein kan derfor ikkje godta ei løysing som i sum vil ha negativ ein innverknad på verneområda som verneområdestyret er sett til å forvalte.

Det bør derfor spelast inn forslag om desse konkrete avbøtande tiltaka:

<u>Tilbakeføring eller strengare bomregime på anleggsvegen Sandvatnet-Holmavatnet</u>

Anleggsvegen frå Sandvatnet til Holmavatnet er 8 km lang, 4.5 km går gjennom Dyraheio landskapsvernområde og 3.5 km går gjennom Holmavassåno biotopvernområde. Vegen har eit relativt strengt bomregime der det i hovudsaker grunneigarane og kraftselskapet som har tilgang.

Motorferdsla på anleggsvegen vart kartlagt i 2019. Her kom det fram at motorferdsla på vegen er svært avgrensa, men eit snitt på 4 passeringar i døgnet den tida vegen var open (juli-oktober). Med tanke på at det utover nokre bukkar er svært lite villrein i område nær anleggsvegen på sommaren og hausten, blir vegen vurdert til å ha avgrensa påverknad på villreinen. Unnataket er ein årvisst beitetrekk frå simler ned Sandvassbrekka eit døgn i perioden 15. juni – 15. juli. Det blir vurdert som samsynleg at dette beitetrekket bli avbrote etter kort tid på grunn av forstyrringar frå anleggsvegen.

Anleggsvegen utgjer og eit markert inngrep i landskapet i Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde.

Lyse Kraft omtaler i dispensasjonssøknaden at det kan bli aktuelt å tilbakeføre lange anleggsvegen som eit naturrestaureringstiltak. Dette vart og gjentatt på felles synfaringa med verneområdestyret 03.09.2024. Ei tilbakeføring vil ta bort all forstyrring av villreinen ut frå vegen og ha positiv innverknad på verneverdiane knyt til landskapet i dei to verneområda. Ei tilbakeføring av anleggsvegen blir derfor vurdert som eit tiltak som vil fremme verneverdiane i Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde.

Verneområdestyret for SVR vil derfor spele inn at Lyse Kraft bør bli pålagt å tilbakeføre 8 km av anleggsvegen frå eksisterande bom.

Om anleggsvegen ikkje blir tilbakeført vil verneområdestyret for SVR spele inn at Lyse kraft bør bli pålagt å halde anleggsvegen stengt fram til 15. juli. I tillegg til at bommen flyttast 2 km lengre vest. Begge desse tiltaka vil redusere forstyrringa av simlene under det nemnte beitetrekket i månadsskiftet juni/juli.

Endra manøvrering av Isvatnet

I dag har Isvatnet ei reguleringshøgde på 10 m (1285-1295), og nedbørsfeltet blir overført til Sandvatnet via Tverrå. Overføringa av vatnet skjer hovudsakleg om vinteren og gjev periodevis høg vassføring i Tverrå mellom Djupetjørn og Litlavatnet. Dette medfører at elva stadvis går open og at det stadig oppstår erosjonsskader i Litlevassbotn der Tverrå renn ut i Litlavatnet.

Om Isvatnet får ein stabil vasstand på kvote 1294 og avrenninga skjer «naturleg» ut Tverrå, slik Lyse Kraft foreslår i revisjonsdokumentet, vil dette være svært positivt for verneverdiane i Kvanndalen landskapsvernområde. Reguleringssona i Isvatnet vil bli langt mindre synleg, og tilhøva for botndyr og fisk vil bli klart betre. Det vil heller ikkje oppstå nye erosjonsskader i Litlevassbotn.

Det blir derfor spelt inn at konsesjonen bør endrast slik at Isvatnet frå fast vasstand og «naturleg» avrenning til Tverrå.

Etablering av villreintersklar over Holmevassåno

Som ein konsekvens av Røldal-Suldal reguleringane er vintervassføringa i Holmavassåno sterkt auka. Dette medfører at elva går open og er vanskeleg og krysse for både folk og dyr.

Ved å etablere ein eller fleire tersklar vil det bli lettare for både villrein og folk å krysse den vinteropne elva. For villreinen vil dette truleg være særleg positivt for dyr som kjem frå søraust og ønskjer å ta seg til beiteområda i Gravetjørnnuten. Utforming og nøyaktig plassering av tersklane må utgreiast grundig og skje i samråd med grunneigar og verneområdeforvaltninga.

Det blir derfor spelt inn at Lyse kraft blir pålagt å utgreie effekten av tersklar i Holmavassåno og koste dette tiltaket dersom slike tersklar blir vurdert å ha ønskja effekt.

Sikring av farbar is på Kvanndalsmagasinet

Isen på Kvanndalsmagasinet har over tid blitt meir uttrygg og vanskeleg og ferdast på både med snøskuter og på ski. Dette har medført at snøskutertransportane til stølane og turisthytta i Kvanndalen har blitt lagt gjennom store delar av Holmavassåno biotopvernområde og Kvanndalen landskapsvernområde. Dette medfører ei auke av motorferdsla i dei to verneområda, og forstyrrar villreinen i eit viktig vinterbeite område.

SVR spelte derfor inn til kommunanes kravdokument at Hydro må påleggast å halde vasstanden i Kvanndalsmagasinet stabil ein lengre periode kvar vinter for å sikre farbar is.

Etter dette har Hydro inngått ei avtale med grunneigarane om at transportbehovet til stølane blir løyst med bruk av helikopter.

Ein kjem derfor ikkje til å ta med dette punktet i uttalen.

Utbetring og omlegging av kløvveg langs Kvanndalsmagasinet

Etter reguleringa i 1967 vart det etablert ein ny om lag 2 km lang kløvveg på nordsida av Kvanndalsmagasinet. Deler av dette vegen har vist seg og fungere dårleg. Vegen ligg stadvis for høgt i terrenget, noko som medfører fleire unødig bratte parti som er utsett for erosjon og slitasje. Vegen blir og tyngre framkommeleg enn naudsynt.

SVR spelte derfor inn til kommunanes kravdokument at Hydro må påleggast å opparbeide ny trase for om lag 1 km av kløvvegen langs Kvanndalsmagasinet.

Etter dette har Hydro inngått ei avtale med grunneigarane om at transportbehovet til stølane blir løyst med bruk av helikopter. Behovet for kløvvegen er derfor noko redusert. Etter ei synfaring på staden har ein og komme fram til at kløvvegen inneberer eit inngrep ein ikkje ønskjer i verneområde.

Ein kjem derfor ikkje til å ta med dette punktet i uttalen.

Innbetaling til villreinfond

I tillegg til gjennomføring av dei konkrete avbøtande tiltaka, vil verneområdestyret be om at Lyse Kraft blir pålagt å betale inn til eit villreinfond. Pålegget om innbetaling i Sira-Kvina konsesjonen bør brukast som eit utgangspunkt.

Uttale frå Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Uttalen gjeld Lyse Kraft sitt revisjonsdokument for Røldal Suldal kraftverk. Uttalen vil i hovudsak ta føre seg påverknad av verna areal.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR) har forvaltningsmynde for Holmavassåno biotopvernområde, Kvanndalen landskapsvernområde, Dyraheio landskapsvernområde og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, som blir omfatta av tiltak som blir omtala i Lyse Kraft sitt revisjonsdokument.

Verneområdestyret for SVR vil i uttalen sette fram forslag om at Lyse Kraft blir pålagt å gjennomføre fleire avbøtande tiltak som vil forbetre miljøtilstanden i dei aktuelle verneområda.

Dette dreiar seg særleg om:

- *Strengare bomregime på, eventuelt tilbakeføring av, anleggsvegen Sandvatnet-Holmavatnet*
- *Etablering av villreintersklar i Holmavassåno*
- *Endring av reguleringsregimet for Isvatnet*

I revisjonsdokumentet legg Lyse Kraft opp til å imøtekomme mange av dei framsette krava som omfattar verna areal. Problemet er berre at Lyse Kraft koplar gjennomføringa av dei avbøtande tiltaka opp til opprustings- og utvidingsprosjekt, som har større negative konsekvensar for verneområda enn det dei avbøtande tiltaka kan rette opp. Verneområdestyret for SVR har derfor i styresak xx/24, avslått Lyse kraft sin søknad om gjennomføring av opprusting- og utvidingstiltak på verna areal.

I uttalen blir det derfor spelt inn at Lyse Kraft, gjennom vilkårsrevisjonen må bli pålagt å gjennomføre avbøtande miljøtiltak, sjølv om det ikkje blir gitt konsesjon til opprusting- og utviding av Røldal Suldal kraftverk. Hovudføremålet med vilkårsrevisjonane er å betre miljøtilstanden i regulerte vassdrag, og ein kan derfor ikkje godta ei løysing som i sum vil ha negativ ein innverknad på verneområda som verneområdestyret er sett til å forvalte.

I tillegg til gjennomføring av dei konkrete avbøtande tiltaka, vil verneområdestyret be om at Lyse Kraft blir pålagt å betale inn til eit villreinfond. Pålegget om innbetaling i Sira-Kvina konsesjonen bør brukast som eit utgangspunkt.

Bakgrunn

Viser til Lyse Kraft sitt revisjonsdokument med vedlegg, som NVE la ut på høyring 26.04.2024.

Alle dokument i saka, inkludert uttaler frå andre partar kan lesast her:
https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=9236&type=V-1

For å førebu ein forventa vilkårsrevisjon sette Hydro i 2018, i samarbeid med Ullensvang (den gong Odda kommune) og Suldal kommunar, i gang utgreiingar for å etablere eit kunnskapsgrunnlag knytt til vasskraftdrifta ved Røldal Suldal kraftverka (RSK). I brev frå 18.10.2019 fremja Suldal og Ullensvang kommunar krav om revisjon av konsesjonsvilkåra for RSK. NVE opna revisjonssak 17.03.2022. Dette revisjonsdokumentet er ein direkte oppfølging av kravet frå kommunane. I kravet frå kommunane vart det i tillegg bedt om at

RSK, samstundes med revisjon av konsesjon, ser på mogleg opprusting og utviding av anlegga.

Andre revisjonsprosessar i verneområda

Det er for tida pågåande prosessar for tre vilkårsrevisjonar som påverkar verneområda i SVR. I tillegg fastsette Olje- og Energidepartementet (OED) ny konsesjon for Sira-Kvina reguleringane 27.01.2023. For Ulla-Førre og Øvre-Otra reguleringane føreligg revisjonsdokumenta og saka er til handsaming i NVE.

Det er og komme fleire signal om at både NVE, og kanskje særleg OED, legg opp til at nærliggande revisjonar vil bli sett i samanheng. Dette er særleg aktuelt for revisjonar som omfattar område med villrein. I fleire vilkårsrevisjonar har kraftselskapa og blitt pålagt å betale ein eingongssum til eit villreinfond for heile villreinområde. I Sira-Kvina revisjonen vart denne summen sett til 13.4 millionar. Dette villreinfondet skal finansiere nødvendige utgreiingar og konkrete avbøtande villreintiltak. Fonda skal forvaltast av ei eigen styringsgruppe bestående av NVE, miljøforvaltninga, regulantane, kommunane og eventuelt andre bidragsytarar. NVE har saman med Miljødirektoratet fått i oppdrag å utarbeide utkast til mandat for eit slik fond. Mandatet skal godkjennast av departementet.

Konkrete avbøtande tiltak

Endra manøvrering av Isvatnet

Isvatnet drenerte opphavleg mot Kvanndalen, men er nå snudd og renn ut Tverrå. Isvatnet har og ei reguleringshøgde på 10 m (1285-1295). Reguleringa har negativ innverknad på landskapet, og levetilhøva for botndyr og fisk. Ved Djupetjørna er det ein utløpstunell for vatnet frå Isvatnet. Tverrå har auka vassføring på grunn av at Isvatnet er tilført nedbørsfeltet. Dette gjeld særleg ein to månadars periode om vinteren når Isvatnet vintertappast. Denne tappinga har medført erosjonsskadar ved innløpet til Litlavatnet.

Om Isvatnet får ein stabil vasstand på kote 1294 vil dette være positivt for verneverdiane knyt til landskap og naturmangfald i Kvanndalen landskapsvernområde. Utan ei synleg reguleringssone vil landskapsrommet framstå som nærast urørt, og levetilhøva for plantar, botndyr og fisk vil bli forbetra. Bortfall av vintertappinga til Tverrå vil og være positivt. Det vil ikkje oppstå nye erosjonsskader i Litlevassbotn, og istilhøva vil bli betre både på sjølve Isvatnet og over Tverrå mellom Djupetjørna og Litlavatnet. Dette området har marginal bruk av både folk og villrein om vinteren, men tiltaket vil uansett være positivt.

Verneområdestyret for SVR vil derfor spele inn at konsesjonen bør endrast slik at Isvatnet får fast vasstand på kote 1294 og «naturleg» avrenning til Tverrå. Om konsesjonen ikkje blir endra, vil ein spele inn at Lyse Kraft må påleggast å gjennomføre vintertappinga av Isvatnet over ein lengre tidsperiode enn i dag. På denne måten kan i alle fall nye erosjonsskadar i Litlevassbotn truleg avverjast. I revisjonsdokumentet opplyser og Lyse kraft at dei er positive til ei slik løysing.

Dei avbøtande tiltaka ved isvatnet inngår i kommunanes kravdokument.

Tilbakeføring av eller strengare bomregime på anleggsvegen Sandvatnet-Holmavatnet

Anleggsvegen frå Sandvatnet til Holmavatnet er 8 km lang, 4.5 km går gjennom Dyraheio landskapsvernområde og 3.5 km går gjennom Holmavassåno biotopvernområde. Vegen har eit relativt strengt bomregime der det i hovudsak er grunneigarane og kraftselskapet som har tilgang.

Motorferdsla på anleggsvegen vart kartlagt i 2019. Her kom det fram at motorferdsla på vegen er svært avgrensa, men eit snitt på 4 passeringar i døgnet den tida vegen var open (juli-oktober). Med tanke på at det, utover nokre bukkar, er svært lite villrein i område nær anleggsvegen på sommaren og hausten, blir vegen vurdert til å ha avgrensa påverknad på villreinen. Unnataket er ein årvisst beitetrekk frå simler ned Sandvassbrekka eit døgn i perioden 15. juni – 15. juli. Det er sannsynleg at dette beitetrekket bli avbrote etter kort tid på grunn av forstyrringar frå ferdsel på anleggsvegen.

Anleggsvegen utgjer og eit markert inngrep i landskapet i Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde.

Lyse Kraft omtaler i dispensasjonssøknaden at det kan bli aktuelt å tilbakeføre lange anleggsvegen som eit naturrestaureringstiltak. Dette vart og gjentatt på felles synfaringa med verneområdestyret 03.09.2024. Ei tilbakeføring vil ta bort all forstyrring av villreinen ut frå vegen og ha positiv innverknad på verneverdiane knyt til landskapet i dei to verneområda. Ei tilbakeføring av anleggsvegen blir derfor vurdert som eit tiltak som vil fremme verneverdiane i Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde.

Verneområdestyret for SVR vil derfor spele inn at Lyse Kraft bør bli pålagt å tilbakeføre 8 km av anleggsvegen frå eksisterande bom.

Om anleggsvegen ikkje blir tilbakeført vil omsynet til villreinen i stor grad bli ivaretatt gjennom bomregime og bomplassering. Verneområdestyret for SVR spele inn at Lyse kraft bør bli pålagt å halde anleggsvegen stengt fram til 15. juli. I tillegg til at bommen flyttast 2 km lengre vest. Begge desse tiltaka vil redusere forstyrringa av simlene under det nemnte beitetrekket i månadsskiftet juni/juli.

Strengare bomregime og flytting av bommen inngår både i kommunanes kravdokument og i Statsforvalteren i Agder sitt framlegg til tiltaksplan for villreinområde.

Etablering av villreintersklar over Holmevassåno

Som ein konsekvens av Røldal-Suldal reguleringane er vintervassføringa i Holmavassåno sterkt auka. Både ope vatn og stadvis bratte snøkantar langs breidda, gjer elva vanskeleg å krysse for både folk og dyr store delar av vinteren.

Den vinteropne Holmavassåno utgjer eit vandringshinder for villreinen. For perioden 2006-2024 er berre registrert 4 kryssingar av GPS-merka dyr. På grunnlag av GPS-data frå www.dyreposisjoner.no har SVR og identifisert 9 ulike GPS-merka dyr til saman har gjort 18 forsøk på å krysse Holmavassåno utan å lykkast. Det relativt avgrensa talet på kryssingsforsøk blir vurdert til å henge nær saman med at Gravetjørnnuten er eit svært godt vinterbeiteområde, mens vinterbeita på søraustsida av Holmavassåno er av langt dårlegare kvalitet.



Aktuelle plasseringar av villreintersklar over Holmavassåno

Ved å etablere ein eller fleire tersklar over Holmavassåno vil det bli enklare for både villrein og folk å krysse den vinteropne elva. Om villreinen lettare kan krysse Holmavassåno vil dette være positivt for verneverdiane i Holmavassåno biotopvernområde, og gjere at dyra fritt kan trekke der dei vil i vinterbeiteområda rundt Holmavatnet. Tersklane bør plasserast der kor dyra forsøker å krysse i dag, og områda ved utløpstunellen frå Holmavatnet og den største lona i Holmavassåno ser ut til å være særleg aktuelle.

Storleik, utforming og nøyaktig plassering av tersklane må utgreiast grundig og skje i samråd med grunneigar og verneområdeforvaltninga.

Verneområdestyret for SVR vil derfor spele inn at Lyse kraft bør bli pålagt å utgreie effekten av tersklar i Holmavassåno og gjennomføre dette tiltaket dersom slike tersklar blir vurdert å ha ønskja effekt.

Villreintersklar over Holmavassåno inngår og i kommunanes kravdokument.

Innbetaling til villreinfond

Røldal-Suldal reguleringane har medført omfattande ulemper for villreinstamma i område. Viktige beiteområde har blitt demd ned i Holmavatnet og Sandvatnet. I tillegg har vintertrekket over Holmavassåno blitt hindra. Det same gjeld for trekket opp i dei gode beiteområda i Hognsnuten.

I tillegg til gjennomføring av dei konkrete avbøtande tiltaka, vil verneområdestyret derfor be om at Lyse Kraft blir pålagt å betale inn til eit villreinfond. Pålegget om innbetaling i Sira-Kvina konsesjonen bør brukast som eit utgangspunkt.

Konsekvensane av konsesjonssøkt opprusting og utviding av Røldal Suldal kraftverk

I Lyse kraft sitt revisjonsdokument blir dei negative miljøkonsekvensane av dagens regulering av Isvatnet og vintertappinga i Holmavassåno, foreslått løyst gjennom eit opprustings og utvidingsprosjekt for Røldal Suldal kraftverk. Dette O/U-prosjektet er det og søkt konsesjon for.

Hovudelementa i dette O/U-prosjektet er; ein ny kraftstasjon som nyttar fallet frå Holmavatnet, ei ytterlegare senking av LRV i Holmavatnet med 5 m, pumping av vatn frå

Kvanndalsfoss til Holmavatnet og overføring av Tverrå til Holmavatnet. Desse tiltaka vil da kunne opne for at Isvatnet kan få ein stabil vasstand og renne «naturleg» ut Tverrå, og at vintertappinga ut Holmavassåno fell bort.

Stabil vasstand i Isvatnet og jamnare vassføring i Tverrå vil som tidlegare nemnt være positivt for verneverdiane knyt til landskap og naturmangfald i Kvanndalen landskapsvernområde.

Bortfall av vintertappinga i Holmavassåno vil være positivt for verneverdiane knyt til villrein i Holmavassåno biotopvernområde. Som tidlegare nemnt utgjer den vinteropne Holmavassåno eit vandringshinder for villreinen.

Alt dette er vel og bra, men prisen for å gjennomføre desse miljøforbetringstiltaka blir svært høg om Lyse Kraft får det som dei vil.

At Tverrå overførast til Holmavatnet ved kvote 1063 vil være negativt for verneverdiane knyt landskapet. Sjølv om det er rekna med ei restvassføring på 100 l/sek vil elveleiet framstå som nesten tørt over ein strekning på om lag 1.5 km. Tverrå går skjult store deler av denne strekninga, men der kor Tverrå møter Naustdalen opnar landskapet seg. Her har ein eit variert og svært vakkert landskapsrom kor Tverrå er eit heilt sentralt element. Ei nærast tørrlagt elv vil redusere verdien av dette landskapsrommet vesentleg. Dette inngrepet blir særleg eksponert ettersom turistløypa mellom Holmavasshytta og Bleskestadmoen kryssar Tverrå på denne staden. Det er og negativt for verneverdiane at livsmiljøet for vasslevande plantar og organismar blir sterkt forringa. Det må og byggast eit bekkeinntak i Tverrå, men landskapsverknaden av anlegget kan dempast om det leggast nedstrøms den nedste lona i Tverrå.

Tverrå der turistløypa kryssar elva ved Naustdalen. Foto: SVR 05.09.2024.

Ei senking av LRV i Holmavatnet med ytterlegare 5 m vil være svært negativt for verneverdiane knyt til landskap og naturmangfald. Nye areal på 1.07 km^2 vil bli tørrlagt i deler av året, og ein vil få ei større og meir synleg reguleringssone. Ei ny senking av LRV vil ha store negative konsekvensar for fisken i Holmavatnet. Særleg kritisk er det at både tilgangen til gytebekkane og tilgangen på mat vil bli sterkt redusert. Ei reguleringshøgde på 15 m er meir enn det viktige artar som skjoldkreps og vårfluelarver kan tole. Utbygginga vil derfor føre til at ein sjølvrekrutterande aurebestand av god kvalitet blir erstatta av ein bestand under middels kvalitet som er avhengig av utsettingar for å overleve.



Eksisterande og ny reguleringssone i Holmavatnet. Kjelde Nordconsult sin KU for villrein.

Pumping av vatn frå Kvanndalsfoss vil ha ei rekke negative konsekvensar for Holmavatnet. Hyppigare endringar i vasstanden vil gje dårlegare levetilhøve for vassplantar og organismar som lever i strandsona. Om vinteren vil denne pumpinga føre til dårlegare is. Når det pumpast vatn til Holmavatnet etter at isen har lagt seg vil isdekket heve seg med den stigande vasstanden. Isen vil da lausne frå land og det vil oppstå ei sone utan is eller med svak is rundt heile reguleringssona. Av søknaden går det fram at den installerte pumpekapasiteten vil kunne auke vasstanden i Holmavatnet med 25 cm i døgnet. Kor lenge og kor ofte det vil bli pumpa vil avhenge av mellom anna avrenninga til Kvanndalsfoss og prisane i kraftmarknaden. Ein må derfor rekne med at det vil bli fleire situasjonar med pumping kvar vinter, og at ein vil få ei permanent sone med svak is rundt både heile Holmavatnet og alle holmane ute i vatnet. Dette kan medføre at isen på Holmavatnet ikkje blir farbar for verken folk eller dyr store deler av vinteren. I områda ved tunellinntaket/utløpet i Naustdalsbukta må ein rekne med at isen blir særleg dårleg.

For friluftslivet vil svakare is på Holmavatnet kunne få store negative konsekvensar. Det er høgst usikkert om dei kvista løypene over vatnet kan oppretthaldast i ein framtidig situasjon med ustabile istilhøve. Av tryggleiksomsyn vil det neppe kunne leggast til rette for ferdsel på eit magasin der isen er usikker og tilhøva kan endre seg raskt. Om dei kvista løypene må

leggast på land vil dette medføre auka forstyrring av villreinen i eit svært viktig vinterbeiteområde

For villreinen vil svakare is på Holmavatnet kunne få store negative konsekvensar. Ut frå kunnskapsgrunnlaget som ligg føre er det fare for at isen på Holmavatnet blir så dårleg at villreinen ikkje vil bruke den. Heile Holmavatnet vil da bli eit nytt vandringshinder i det beste vinterbeiteområde. Basert på GPS-data (2006-2024) er det så mykje som ein fjerdedel av villreinen i nordområde som brukar isen på Holmavatnet. Og om lag halvparten av desse igjen brukar isen til å trekke over heile vatnet eller for å beite på dei mange holmane



Alle registrerte bevegelser på og ved Holmavatnet i vintermånadene i perioden 2007-2024. Kjelde: Norconsult – RSK Revisjon og OU – tilleggsdokumentasjon.



Skjematisk framstilling av korleis GPS-merka villrein har forflytta seg mellom dei beste beiteområda ved Holmavatnet. Raude piler viser trekk over isen. Blå piler viser trekk på land på nordvestsida. Gule piler viser trekk på land på søraustsida. Tala på kartet viser kor mange GPS-merka dyr som har brukt dei ulike trekkvegane.

Det kan være lett å stille spørsmål om kor kritisk eit nytt vandringshinder eigentleg er i eit så stort villreinområde. Her må det leggast til grunn at Setesdal Ryfylke allereie er det villreinområde i landet som er desidert hardast påverka av vasskraftutbygging målt i til dømes km^2 neddemt areal, kilometer anleggsveg og kilometer kraftlinjer. I tillegg kjem omfattande forstyrring frå ulike former for ferdsel.

For ei grundigare omtale av dei negative og positive konsekvensane av Lyse Kraft sitt opprustings- og utvidingsprosjekt for Røldal Suldal kraftverk, visast det til verneområdestyret for SVR si uttale til konsesjonssøknaden og handsaminga av dispensasjonssøknaden for tiltaka i verna areal..

Etter verneområdestyret for SVR si vurdering vil ei gjennomføring av opprustings og utvidingsprosjekt for Røldal Suldal kraftverk, ha langt større negative enn positive konsekvensar for verneverdiane i dei aktuelle verneområda. Særleg tiltaka i Holmavatnet vil ha store negative konsekvensar for landskap, fisk og villrein.

Verneområdestyret er sterkt kritiske til at *Lyse Kraft legg opp til å imøtekomme dei framsette miljøkrava ved å gjennomføre ny kraftutbygging, som har langt større negative konsekvensar enn det dei avbøtande tiltaka kan rette opp.*

Verneområdestyret vil derfor be om at Lyse Kraft i vilkårsrevisjonen må bli pålagt å gjennomføre avbøtande miljøtiltak, sjølv om det ikkje blir gitt konsesjon til opprusting- og utviding av Røldal Suldal kraftverk. Hovudføremålet med vilkårsrevisjonane er å betre miljøtilstanden i regulerte vassdrag, og ein kan derfor ikkje godta ei løysing som i sum vil ha negativ ein innverknad på verneområda som verneområdestyret er sett til å forvalte.

Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Saksframlegg

Arkivsaksnummer:	2023/7249	Saksbehandler:	Ida Christine Apalnes	Dato:	17.10.2024

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	36/24	23.10.2024

